



# Stadkvalitatar som har betydning for innflyttarar til Norddal kommune

SPL -6900

Terese S. Jemtegård Moen

Masteroppgåve

Erfaringsbasert masterprogram i Stedsutvikling

Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning

Institutt for sosiologi, statsvitenskap og samfunnsplanlegging

Universitetet i Tromsø

Hausten 2012



## Forord

Tre år med studiar er no ved vefs ende. Eg er stolt av meg sjølv for å ha klart å kome i mål med dette ved sidan av 100% jobb og ungar som skal følgjast opp. Heldigvis har eg hatt god støtte i mannen min Richard som har tatt ekstra ansvar i heimen og som har motivert meg undervegs, utan deg hadde dette rett og slett ikkje gått.

Studiet har vore svært relevant inn i mot arbeidet mitt som dagleg leiar i Fjordhagen næringshage. Eg har fått brukt alle faga inn i mot mine daglege arbeidsoppgåver med næringsutvikling; både samfunnsvitskap, metode, kommunikativ planlegging og GIS. Dette har medført at studiet har letta arbeidssituasjonen min samstundes som eg får eit betre teoretisk grunnlag for å utføre arbeidet. Masteroppgåva er også basert på ei problemstilling som spring ut av eit prosjekt som næringshagen har jobba med for Norddal kommune og eg håpar oppgåva kan nyttast som grunnlag for korleis ein bør satse vidare.

Eg rettar ein stor takk til vegleiar Nils Aarsæther som har losa meg gjennom masteroppgåve-skrivinga. Du har vore til stor hjelp med tydelege og forståelege innspel og god dialog undervegs. Ekstra heldig har eg vore som ved fleire høve har fått besøk av deg i Valldal i samband med at du har hytte her i dalen.

Takk også til arbeidsgjevar Fjordhagen AS som har lagt godt til rette for at eg har kunne gjennomført studiet. Takk til forelesarar og fagansvarlege ved UIT, og ein spesiell takk til Britt Kramvig som også har tatt det sosiale ansvaret på samlingane vi har hatt. Du har vist oss Tromsø på ein utmerkt måte og bidratt til at vi som tilreisande studentar har blitt godt kjende både med Tromsø og kvarandre.

Til slutt vil eg takke mine medstudentar for gode diskusjonar og sosialt samvere under samlingane og kontakt utanom også når eg har hatt behov for det. Eg har mange gode minner frå samlingane i Tromsø, spesielt då vi vart «oskefast» og einaste utvegen for Trøndaren, Sunnmøringen og Eidfjordingen var å leige bil og køyre heim att (33 timars køyring i strekk). Vi vart godt kjende i løpet av den turen.

No ser eg fram til at tre års unntakstilstand er over og at eg endeleg skal få vere med resten av familien på påske- og haustferie.



## Innhald

Forord .....	3
1. Innleiing .....	9
2. Lokal kontekst.....	10
2.1 Bygdene i Norddal kommune.....	11
2.1.1 Valldal .....	11
2.1.2 Tafjord .....	13
2.1.3 Fjørå.....	14
2.1.4 Norddal.....	14
2.1.5 Eidsdal.....	15
2.2 Spreidd busetting i alle bygdene .....	16
2.3 Norddal – ein verdsarvkommune: Kommuneplanen sin samfunnsdel 2007-2018.....	17
2.4 Busettingsprosjekt og utval for Busetjing, rekruttering og kompetanseheving .....	17
2.5 Døropnarprosjektet 2009-2012.....	18
3. Problemstilling.....	20
4. Teoretiske perspektiv .....	22
4.1 Perspektiv på stad .....	22
4.2 Kva ligg i omgrepet statkvalitetar? .....	23
4.3 Status på flytteforskingsfeltet opp mot oppgåva.....	23
5. Metode .....	28
6. Forskningsdesign .....	30
6.1 Datainnsamling.....	30
7. Analyse .....	35
7.1 Familiane som blei verande.....	35
7.1.1 Arbeidsinnvandrarar.....	35
7.1.2 Ein av dei vaksne har tilknyting til bygda .....	36
7.2 Kva set familiane mest pris på med bygda dei bur i?.....	37
7.2.2 Landskap.....	37
7.2.3 Lokalsamfunn .....	38
7.2.4 Bustad.....	38
7.2.5 Familieliv.....	39
7.2.6 Friluftsliv .....	39
7.3 Kva synes familiane er mest problematisk med bygda dei bur i? .....	39
7.3.1 Transport og kommunikasjon.....	39

7.3.2	Lokalsamfunn .....	39
7.3.3	Arbeidsmarknad .....	40
7.4	Stadskvalitetar som skaper trivsel og misstrivsel for familiene .....	40
7.4.1	Arbeidsmarknaden/tilgang på arbeid .....	41
7.4.2	Fritidsaktivitetar- og tilbod i bygda, kommunen og regionen.....	43
7.4.3	Friluftsliv, natur og landskap .....	45
7.4.4	Husvere/bustadforhold .....	45
7.4.5	Naboskap .....	46
7.4.6	Kommunale tenester – spesielt skule og barnehage .....	48
7.4.7	Kommunikasjon/infrastruktur/beliggenheit/bygd/fritidsmobilitet/ fleirstadstilknyting 49	
7.4.8	Organiserte kulturtilbod .....	50
7.4.9	Klima/veret .....	51
7.4.10	Privat handel- og servicetilbod (bygd, region) .....	52
7.4.11	Slektstilknyting – over landegrenser .....	52
7.4.12	Kva framtidsperspektiv har innflyttarfamiliane i forhold til det å bli buande? Honningkrukke, sommarstad, springbrett eller klister?.....	53
7.5	Familiene som flytta .....	54
8.	Konklusjon .....	56
8.1	Oppsummering av funn.....	56
8.1.1	Stadtilknyting har mindre betydning for å bli buande .....	56
8.1.2	Kvalitetar ved landskap, lokalsamfunn (å bli tatt godt imot), bustad, familieliv og friluftsliv skaper trivsel. ....	56
8.1.3	Manglande kvalitetar ved transport/kommunikasjon, lokalsamfunn (møteplassar, begrensa skule/barnehagetilbod) og arbeidsmarknad skaper misstrivsel. ....	57
8.1.4	Tilgang på arbeid lokalt for ein av dei vaksne er viktig for framtidige moglegheiter....	57
8.1.5	Fritidsaktivitetar vert lite brukt av familiar med born under skulealder og det skjer ikkje meir enn det ein skaper sjølv.....	58
8.1.6	Naturen og moglegheitene den gjev oss for friluftsliv skaper trivsel og dei fleste innflyttarfamiliane ynskjer å organisere fritida si på eiga hand.....	58
8.1.7	Trist at fleire og fleire bustadhус vert brukt som sommarbustadar. Det kunne vore fleire fastbuande dersom det hadde vore hus tilgjengeleg. ....	58
8.1.8	Greie, snille og hjelpsame naboar – dersom du har naboar... ..	59
8.1.9	Kommunale tenester som grunnlag for trivsel og misstrivsel.....	59
8.1.10	Avstand er ikkje eit problem, men frekvens på ferje er problematisk.....	60

8.1.11	Kulturtilbod vert lite brukt – saknar Jonsokfeiring og kreativ nytenking på arrangement og festivalar .....	60
8.1.12	Avstand til forbruksmessige freustingar er positivt .....	60
8.1.13	Skype og gode flyforbindelsar kompenserer for slektstilknyting. Slektstilknyting som vellukka flyttemotiv.....	61
8.1.14	Langsiktig framtidsperspektiv – viktig at ungane trives .....	61
8.1.15	Mangel på arbeid er hovudgrunnen til at familiar har flytta .....	61
8.2	Konklusjon .....	61
8.3	Implikasjonar for framtida.....	63
Litteraturliste.....		65
Bøker: .....		65
Rapportar/artiklar: .....		65
Internettkjelder: .....		66



## 1. Innleiing

Lokalsamfunnsutvikling og framtid for bygdene i distriktsnorge har alltid vore noko som har oppteke og engasjert meg. Heimkommunen min Norddal har slite med ryggen mot veggenn når det gjeld folketalsutvikling over fleire tiår. Hadde det ikkje vore for tilflytting utanfrå, spesielt frå utlandet, hadde situasjonen vore heilsvart. Framskrivingar frå Statistisk sentralbyrå indikerer at innbyggjartalet vil verte ytterlegare redusert fram mot 2030. I følgje SSB er positiv nettoinnflytting den viktigaste kjelda til å snu denne utviklingstrenden, sidan dagens befolningsstruktur ikkje gjev grunnlag for naturleg vekst gjennom fødselsoverskot.

Døropnarprosjektet i Norddal 2009-2012 (sjå Kap. 2) hadde som mål å auke nettotilflyttinga gjennom tiltak for å få nye innbyggjarar til å bli buande over tid, slik at folketalet kunne stabiliserast og aukast.

Med denne masteroppgåva ynskjer eg å framskaffe kunnskap i kva grad stadtqvilitetar har betydning for barnefamiliar som har vald å flytte til Norddal. Eg ynskjer å skaffe kunnskap om kva kvalitetar som innflyttarar til Norddal opplever som viktige/kritiske og faktorar som er marginale når det gjeld å bu i kommunen. Eg ynskjer også å finne ut om dei tilflyttarane som har flytta att har opplevd noko ved staden/miljøet som gjer at dei opplever seg som støytt eller om det er andre faktorar som gjer at dei dreg herifrå. Ettersom dei eg intervjuar vil ha hatt kontakt med Døropnarprosjektet, ønskjer eg også å få tilbakemelding på kva betydning kontakta med prosjektet har hatt for familiarar sitt val om å bli buande eller å flytte vidare.

Masteroppgåva kan på denne måten også leggast til grunn for korleis ein frå kommunen si side skal satse vidare i forhold til å tiltrekkje seg og ta imot innflyttarar – både når det gjeld betydninga av å satse på omdømmebygging eller andre former for bulystsatsing.

## 2. Lokal kontekst

Med få unntak har Norddal kommune opplevd folketalsnedgang kvart år sidan 1950-talet. Per 01.01.2012 er folkemengda i Norddal i følgje Statistisk sentralbyrå (heretter forkorta til SSB) 1736 innbyggjarar mot 2472 i 1951<sup>1</sup>. Nedgangen skuldast både jamt over negativt fødselsoverskot og negativ nettoinnflytting. Det er også slik at folketalsnedgangen har akselerert det siste tiåret samanlikna med dei fem førre tiåra. Når det gjeld alderssamsetning er utviklinga også prega av at det er mange fleire eldre (67+) i Norddal enn landsgjennomsnittet. Slik folketalsnedgang og alderssamsetning er krevjande å handtere fordi den stiller kommunen overfor tydelege problem med til dømes å mobilisere yngre, krav til sosial infrastruktur som pleie av mange eldre, med tilpassing av ein økonomi som vil bli meir avhengig av overføringer og ei næringsutvikling prega av at avgangen i primærnæringane held fram. Ifølgje SSB sine framskrivingar held folketalet fram med å synke i åra fram til 2030, men prognosene på framskriving er betre no enn dei var samanlikna med for to år sidan. Per i dag spår SSB at Norddal kommune har 1715 innbyggjarar i 2030, altså det same nivået som i dag, medan prognosene for to år sidan tyda på nedgang til 1562 innbyggjarar.

Norddal kommune ligg på indre Sunnmøre i Møre og Romsdal fylke. Frå kommunesenteret Valldal er det 9 mil/1,5 times køyretur til Ålesund sentrum, og til flyplassen Ålesund lufthavn Vigra. Det er 7 mil/1 t og 10 min køyring til Moa, eit stort handelssentrum i Spjelkavik, ein av forstadane til Ålesund. Ålesund har knappe 45000 innbyggjarar. Molde med sine vel 25000 innbyggjarar og Molde lufthavn Årø ligg 7 mil/1 t og 10 min køyring til Vestnes og 35 min med bilferje over Moldefjorden. Norddal kommune ligg inst inne i Storfjorden, og har eit stabilt og mildt klima. Sysselsettinga i kommunen fordeler seg på ca 20% primærnæring (landsgj.sn. 3,5%) , 15 % sekundærnæring og 65 % tertiærnæring. Kommunen er relativt sett altså ein kommune med stor landbruksnæring. Her er praktisk talt ikkje arbeidsløyse (0,9 % ved utgangen av august 2012 i følgje SSB tabell 04471).

Kommunen er 902,2 km2 i flateareal og har per 2008 2 innbyggjarar per km2 (landsgj.sn. 15,7). Kommunen består av 5 bygder som alle har sine sentrum nede ved fjorden; Valldal, Fjørå, Tafjord, Norddal og Eidsdal. Per 01.01.2009 bur 21% av innbyggjarane i kommunen i tettbygde strøk (landsgj.sn. 78%). Folketalet har vorte redusert i alle bygdene. Det er

---

<sup>1</sup> Startår for SSB sine kommune-demografiske statistikker.

kommunesenteret Valldal som har helde seg mest stabil det siste 10-året og utgjer no meir enn 50% av kommunen sitt folketal. Tafjord har dei same åra mista 23% av folketalet i krinsen. Alle bygdene misser innbyggjarar, men Valldal og Eidsdal relativt sett minst. Dermed har det oppstått ein lokal tendens til ei ”sentralisering” der ei eller to bygder peikar seg ut som ”senter”. Denne tendensen vil forsterkast dersom utviklinga held fram, men på den andre sida kan uføresette hendingar som til dømes finanskrisen endre utviklinga i ei meir desentral retning. For å kunne tilby innbyggjarane dei tenestene som blir oppfatta som nødvendige i dag, må det vere til stades eit minimum av befolkningsgrunnlag og infrastruktur, både fysisk og av sosial/kulturell karakter. Paradoksalt nok er det mangel på gjennomgangsbustader som er flaskehalsen for å få tilflytting til kommunen, ikkje mangel på arbeidsplassar (Busettingsprosjektet 2007).

## 2.1 Bygdene i Norddal kommune

### 2.1.1 Valldal

Valldal er kommunesenter i Norddal kommune har om lag 950 innbyggjarar (50% av folketalet i kommunen). Her er det barne- og ungdomsskule (cirka 160 elevar fordelt på 1.-10.klasse også frå bygdene Fjørå og Tafjord), barnehage, omsorgsbustader, trygdeheim, sjukeheim, kommunehus, bibliotek, legekontor og tannlegekontor. I Valldal sentrum har ein eit tilfredstillande handel- og tenestetilbod med to daglegvarebutikkar, møbelforretning, gave-, leike- og husflidsforretningar, klesforretning, elektrisk forretning (kvite- og brunevarer), saft- og syltetøybutikk, bank, turistkontor og to frisørsalongar. Det er dessutan ei byggjevaraforetning 8 km frå sentrum.

I Valldal er her stor jordbærproduksjon (800 tonn i året, noko som tilsvarer 10% av totalproduksjon av jordbær i Noreg). Grenda Linge i Valldal er også Nord-Europas nordlegaste stad for kommersiell fruktproduksjon. Her kan ein jamvel dyrke aprikosar ute ved låveveggen! Det er også stor produksjon av bringebær. Det gode klimaet tiltrekker seg også ”klimaflyktningar” frå Ålesundsregionen. I kommunen er her no om lag 20 campingplassar som stort sett har faste kundar frå Ålesundsregionen som ”flyktar” frå havtåka og regnver ute ved kysten, det dreier seg om rundt 1000 faste vognplassar. Dette har for mange gardsbruk blitt ei viktig tilleggsnæring, for somme også hovudnæring. Det har også vore god aktivitet på utbygging av private hytter dei siste åra, noko som også gjev

ringverknadseffekter for næringslivet. Kvar sommar kjem 200 gjestearbeidarar (hovudsakleg frå Polen og Baltikum) til Valldal for å plukke jordbær. Ein del av desse har blitt inngift i bygda/bygdene rundt og har fått seg fast arbeid, mange i møbelindustrien i nabokommunen Stordal. Ein periode på 60-80-talet var her mykje møbel- og konfeksjonsindustri og anna industri i kommunen. Til bygdene flytta det syersker frå fleire kantar av landet som busette seg her og vart ”inngift”. Reiseliv-, handel- og tenesteytande næringar er i vekst. Det er stor turisttrafikk i sommarhalvåret av norske og internasjonale turistar gjennom kommunen på veg frå Åndalsnes over Trollstigen til Geiranger. Strekninga har fått status som nasjonal turistveg og som følgje av dette har naturattraksjonen Gudbrandsjuvet blitt opprusta og tilgjengeleggjort for ein prislapp på 44 millionar kroner, finansiert av Statens vegvesen, Norddal kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. Vegvesenet har bidratt mest med 37,7 millionar kroner. Kommunen har jamvel fått eit toalett- og venteromsanlegg på ferjekaia på Linge som kom i NRK sitt velkjende tv-program «Nytt på nytt» på grunn av arkitektonisk utforming (og prislapp...). Toalettet er imidlertid sesongstengd i tida 16.oktober til 14.mars, til lokalbefolkninga si store fortviling. Grunnen er at Vegvesenet meiner det er for dyrt å halde toalettet i drift vinterstid.

Vegen frå øvre Valldal over Trollstigen til Åndalsnes er vinterstengt, det same er vegen frå Geiranger og opp til heilårsvegen over Strynefjellet. Dette har vore sett på som eit problem for å klare å skape heilårleg aktivitet og heilårlege arbeidsplassar innanfor reiselivsnæringa. Dei siste års satsingar på næringsutvikling i kommunesenteret vil kanskje motbevise at ein er avhengig av heilårsopen veg for å få til utvikling og vekst. Etter ein solid samla innsats frå lokale pådrivarar vart det i 1994 realisert eit rehabiliteringssenter for Nordvest-landet i Valldal – Muritunet AS. Norddal kommune og Muritunet AS tok tak i utfordringane området har ift. nedgang i folketalet, reduksjon innan tradisjonelle næringar, utfordringar knytt til utvikling av ny næringsverksamhet og stabilisering og rekruttering av kompetent arbeidskraft. Det vart etablert eit prosjekt, Muriparken, med mål om å etablere grunnlag for ei berekraftig utvikling av verksemder i Norddal innanfor kultur, helse, velvere, reiseliv og naturopplevelingar. Prosjektperioden starta opp hausten 2007 og skulle etter planen avsluttast etter 2 år. Byggjeforbodet som vart iverksett i februar 2006 i samband med faren for fjellskred og tsunamibølgje frå Åknesremna i Synnulvsfjorden forseinka framdrifta i prosjektet vesentleg. Store ressursar vart sett inn og mykje arbeid vart lagt ned for å få på plass beredskapsplanar og overvakings- og varslingssystem, samt å få godkjend reguleringsplanen for Murigrandane. Den var gjennom behandling i tre departement før den endeleg vart

godkjend, og byggjeforbodet vart oppheva 6.mai 2010. Det er no etablert eit godt system for varsling og evakuering i området, og skal ikkje vere fare for liv og helse så lenge vilkåra i den tekniske forskrifta vert følgd. I tråd med måla i prosjektet har det skjedd store endringar og relokalisering av verksemder i kommunesenteret. Storfjord helsecenter AS er no under bygging. Der skal kontor- og behandlingsfasilitetar for Muritunet AS samlokaliseraast med kommunen sitt legekontor, tannlegekontor, NAV, ambulansetenesta samt private tenestetilbydarar innan helse. Ei helseklynge er i vekst. Som følgje av prosjektet har kommunen rive den gamle fabrikkbygningen nede ved fjorden som har husa kommunen si forvaltning-, drift- og vedlikehaldsavdeling og bygd eit nytt bygg og miljøstasjon i Djupøyna, eit industriområde 1 km frå sentrum. Maskinentreprenør Remseth Maskin AS vart også relokalisert til industriområdet Djupøyna. Tomta på Murigrandane er sold til hotellinvestor Erik Berg i Classic Norway som skal byggje helsehotell med byggestart 2013. Valldal Grønt AS har investert i nytt flow-fryseanlegg for innfrysing av jordbær, og som følgje av dette vart Valldal Fjernvarme AS etablert. Med ei sjøvassbasert varmepumpe skal dei levere kulde til innfrysingsannlegget til Valldal Grønt om sommaren og fjernvarme resten av året. Kommunen har renovera Valldal Skule som er klar til å koplast på fjernvarmeanlegget, og har sett i gang renoverings- og konverteringsprosessen til fjernvarme på kommunehuset og Valldal Trygde- og sjukeheim. Når legekontoret flyttar inn i helsecenteret kan biblioteket relokaliseraast til legekontoret sine tidlegare lokale i det nyrenoverte kommunehuset. Byggentreprenøren Valldal Høvleri har kjøpt gamle trevarefabrikken og har under prosjektering ei utbygging av fjernvarmebaserte leilegheitskompleks. Lokale pådrivarar jobbar med å realisere Midt-norsk senter for seniorutvikling.

### 2.1.2 Tafjord

På byrjinga av 1900-talet vart det bygd ut vasskraftverk inne i Tafjord, og kraftinntektene utgjer i dag livsviktige inntekter for kommunen. Tafjord Kraft AS forsyner heile Ålesundsregionen og store delar av Møre og Romsdal med straum. Kraftproduksjon har betydd mykje for Norddal generelt og bygda Tafjord spesielt. Men produksjonen er blitt sterkt mekanisert og det er ikkje lengre så mange arbeidsplassar som før. I dag slit Tafjord med fråflytting og ”forgubbing”. Skulen er nedlagd og ungane går no på skule i Valldal, ein bussstur på 15 km. Det bur cirka 120 menneske i Tafjord i dag. Tafjord har heilårsopen landhandel og bibliotekfilial.

I Tafjord vart det på 80-talet bygd friluftsbad som eit samarbeid mellom Norddal kommune og Tafjord kraft. Friluftsbadet nyttar seg av varmt vatn som kjem frå kraftturbinane. Tafjord Friluftsbad er ein populær sommaropen attraksjon, men besøket er veldig veravhengig. Inne i den gamle kraftstasjonen er det eit kraftmuseum som er ope i sommarsesongen. Tafjord Kraft samarbeider med Norddal kommune om å etablere eit skredsenter saman med kraftmuseet. Skredsenteret skal dokumentere historia frå då Heggurdaksla ramla ut i fjorden og tok 40 menneskeliv i 1934 samt informere om og dokumentere nye sprekker og endringar i fjellmassiva.

### 2.1.3 Fjørå

Fjørå ligg 4 km frå Valldal og hadde inntil på 90-talet eigen skule for 1-7 klasse. No er den gamle skulebygningen tatt i bruk som barnehageavdeling under Syltebøen barnehage i Valldal og ungane frå Fjørå går på Valldal skule. I Fjørå er det gardar i drift øvst i bygda, samt oppdrettsanlegg, gartneri, camping- og båtturisme i Vik. I Fjørå bur det cirka 150 innbyggjarar. Det er dei siste åra lagt ut tomter i eit nytt kommunalt byggjefelt på Nerhus, og folketalet i bygda er stigande.

### 2.1.4 Norddal

I bygda Norddal bur det cirka 170 innbyggjarar. Norddal har mange levande gardsbruk, men har også mange fråflytta hus som no vert brukt som fritidsbustader. Fleire av gardsbruka satsar på reiselivsutvikling basert på garden sine ressursar. 10 bedrifter/attraksjonar er organiserte i The Happy End Norddal, ein næringsorganisasjon med basis i lokal kultur og natur. Namnet spelar på at bygda Norddal er ein blindveg og ikkje har gjennomgangstrafikk, men også at ein ynskjer å vise omverda at det er ei lukkeleg bygd der ein ynskjer å skape aktivitet og arbeidsplassar i bygda gjennom aktiv marknadsføring, produktutvikling og samarbeid med andre. Norddal kommune kjøpte Prestegarden i Norddal tidlegare i år, med formål om å overdrage denne til Stiftinga Paktarstova som ynskjer å bruke Prestegarden i busetjing- og næringsutviklingssamanheng. Lengst framme i dalen ligg Herdalssetra, ei geiteseter i full drift sommarstid. Hit kjem både grupper med cruiseturistar og individuelle reisande og får smake heimelaga geitost og geitekarameller, og det er budeiene som jobbar der du møter når du kjem dit.

I Norddal er det omsorgsbustader, barnehage og ein landhandel. Inntil våren 2012 var her også barneskule for 1-7.klasse, men grunna synkande elevtal er elevane overført til Eidsdal skule, 5 km lenger ute i fjorden. I omstruktureringss prosessen vart det også bestemt at barnehageungane frå Eidsdal skal få tilbod om plass i barnehagen i Norddal frå januar 2013.

### 2.1.5 Eidsdal

Bygda Eidsdal er den nest største i Norddal kommune og har knappe 400 innbyggjarar. Eidsdalen høyrer til Sunnmøres mest særeiga dalstrøk, og særleg storslått er naturen rundt Eidsvatnet. Eidsdal byr på dei vakraste og mest overraskande fjellandskap og gardar som ligg så høgt at setrane til dels har funne plass under dei, som til dømes Kilsti, Løvoll, Kleiva og Storås. Frå Kilsti og Storås er det ein fantastisk flott utsikt. Elles er her dalføre som ikkje berre er oppløyste i terrassar på tvers, men og kløyvde i bidalar på langs. Bygda er eit veleigna utgangspunkt for fjellturar både sommars- og vinterstid i variert terreng. Gjennom dalen renn Eidsdalselva, ei god og velbrukt lakseelv. Eidsvatnet er kjent som eit av dei beste ørretvatna i landet ved riksvegen.

Eidsdal er vinterstid ei stille og roleg bygd, men om sommaren er det stor turisttrafikk, og aktivitetsnivået aukar enormt, med mange ulike arrangement. Også i denne bygda er jordbruk ein viktig leveveg. Dette ser ein spesielt gjennom det flotte kulturlandskapet ein har ved Eidsvatnet som følgje av beiting av geiter. Dei siste åra har det vore investert mykje i landbruksbygningane i Eidsdal, spesielt i samdriftsbygningane. Eidsdal er i hovudsak ei landbruksbygd, med stor spennvidde i både produksjonsformer og bruksstorleik. Men mjølkeproduksjon dominerer framleis i dalen med både ku- og geitemjølk. Ein annan stor næringsveg i Eidsdal er turisme. Vi finn fleire campingplassar, hytte- og romutleige samt den innhaldsrike suvenirbutikken til TH. Ytterdal. Her er også fleire attraktive hyttefelt for private fritidsbustader. Fleire og fleire gardbrukarar satsar på reiselivsutvikling i tillegg til gardsdrifta. Eidsvatnet har også gjeve grunnlag for etableringa av Eidsdal Kraft, Norges største privateigde kraftstasjon som vart opna i 2007.

I Eidsdal er det barne- og ungdomsskule (68 elevar fordelt på 1-10.klasse også frå bygda Norddal), aldersbustader, bibliotek og legekontor. Her er ei daglegvareforretning, bank, frisørsalong og fleire sommaropne souvenirbutikkar.

## 2.2 Spreidd busetting i alle bygdene

Folket her inst i Storfjorden har levd i pakt med og tilpassa seg naturkraftene så godt dei har kunna. Det ligg fleire små gardsbruk på fjellhyller innover fjorden. Dei siste av desse veglause gardsbruka vart fråflytta på 1960-talet. Stiftelsen Storfjordens venner samarbeider i dag med grunneigarane om å bevare bygningane og kulturlandskapet på desse små gardsbruka. Delar av Norddal kommune inngår også i Vestnorsk Fjordlandskap og Geirangerfjorden verdsarvområde som er på UNESCO si verdsarvliste, og Norddal kommune er også ein del av Reinheimen Nasjonalpark. Det er ein del motstand frå grunneigarar mot det dei oppfattar som einsidig vernefokus.

Bygdene har sterke identitetar kvar for seg, noko som mellom anna kjem til uttrykk i lokaliseringsdebattar. Men samhandlinga mellom dei er det so som so med. Dette har nok samanheng med korleis samferdsla har fungert opp gjennom tidene. Fram til 70-talet var fjorden einaste ferdelsveg med fjordabåten eller eigen båt som einaste moglegheit til frakt av menneske og varer. Så kom tunellane som batt Valldal saman med Liabygda og som gav ferjefri forbindelse for nord-sida til Ålesund. Det kom bilferjesamband mellom Valldal (Linge) og Eidsdal og det vart bygd veg mellom Eidsdal og Norddal (denne er svært rasutsett og blir jobba iherdig med i politisk samanheng for å få utbetra og delvis lagt i tunnell). Det kom tunell mellom Valldal og Fjørå og til slutt på midten av 80-talet kom tunellar mellom Fjørå og Tafjord. Det blir ofte sagt at fjorden er djup, og den blir ofte sett på som ei konfliktgrense mellom kva som skal plasserast på nord- og sørsida av fjorden av offentlege tenester. Bygdene Valldal, Fjørå og Tafjord ligg på nordsida av fjorden, alle med vefsamband vestover til Ålesund, medan Norddal og Eidsdal ligg på sørsida der einaste samferdselsmessige tilknytinga over fjorden er bilferjesambandet Linge-Eidsdal (10 minutt). Innbyggjarane, spesielt på sør-sida av fjorden må tilpasse seg ferjetidene då mange pendlar ut av bygdene og over fjorden på jobb. Dette blir spesielt vanskeleg i turistsesongen, då ferjesambandet er sterkt trafikkert av gjennomreisande turistar. Det er lite samhandling/samvere mellom folk på nord- og sørsida i fritidssamanheng, mykje på grunn av begrensningane som ferjetidene legg på dette. Det fins få samlande friviljuge organisasjonar på tvers av fjorden. Idrettslag, helselaga, bygdekvinnelaga, pensjonistforeningane og korpsa er organisert nord- og sørsidevis av fjorden. Unntak er Valldal Hornmusikklag, Valldal Spelemannslag og Valldal Songlag som har medlemmer frå heile kommunen. Ein kan vel seie generelt at folk på nord- og sørsida av fjorden ikkje kjänner kvarandre så godt. På midten av

80-talet fekk Eidsdal eigen ungdomsskule, tidlegare gjekk alle ungdomsskuleelevar i kommunen på Valldal skule. Mange vil nok seie at dette har ført til at folket på nord- og sørsla kjenner kvarandre endå mindre og mytene og fordommane og motstanden mot kvarandre får god grobotn.

## **2.3 Norddal – ein verdsarvkommune: Kommuneplanen sin samfunnsdel 2007-2018**

I 2007 vedtok kommunestyret ein ny samfunnsdel i kommuneplanen for det neste tiåret. I kommuneplanens samfunnsdel 2007-2017 vert det å snu folketalsnedgangen til ei positiv folketalsutvikling sett på som ei av hovudutfordringane. Målet med planen er å leggje grunnlaget for ei positiv folketalsutvikling, gode arbeids- og velferdstilbod og tryggheit i alle fasar av livet. Planen skisserar seks hovudmål: Endringsvilje- og evne, kommunal identitet, NaKuHel (Natur, Kultur, Helse), næringsutvikling, samferdsle og miljø og berekraftig utvikling. Under hovudmål communal identitet er hovudmål 2 Bulyst: Norddal vil legge til rette for at både folk med røter i kommunen og innflyttarar finn det meiningsfylt å bu i kommunen. Herunder igjen er delmål 2.2: Norddal vil arbeide for at innflyttarar/nye innbyggjarar finn seg til rette og blir verande.

## **2.4 Busettingsprosjekt og utval for Busetjing, rekruttering og kompetanseheving**

Fjordhagen AS er ein næringshage etablert i 2002 som arbeider for næringsutvikling, vekst og verdiskaping på Indre Sunnmøre. Selskapet er eigd av SIVA (Statens Industrivekstanlegg), Norddal kommune, Tafjord Kraftproduksjon, Norddal Elverk, Sparebanken Møre og lokalt næringsliv. I 2007 gjennomførte Fjordhagen AS Busettingsprosjektet, eit prosjekt med midlar frå Landbruksdepartementet. Prosjektet hadde som mål å avdekkje kva tiltak ein burde iverksetje for å få gjestearbeidarar som kjem til Norddal kommune om sommaren for å plukke frukt og bær til å flytte til kommunen og busetje seg her permanent. Rapporten konkluderte med tre hovudtiltak: Bustad, norskopplæring og tilsetjing av ein «døropnar».

Det neste som vart gjort var at kommunen sette ned eit utval for Busetjing, rekruttering og kompetanseheving. Utvalet vurderte og foreslo ei rekke tiltak, og prioriterte følgjande tre

tiltak som viktigast: Stimulere til nybygging og tilskott til huseigarar som vil lage leilegheiter, utvide barnehage og SFO-tilbod (opningstider og kapasitet) og tilsette døropnar og personalkonsulent (50% kvar) i prosjektstilling, minimum tre år.

## 2.5 Døropnarprosjektet 2009-2012

I august 2009 vart Døropnarprosjektet starta opp. Det var ein diskusjon i forkant mellom kommuneadministrasjonen og politikarane om ein skulle engasjere personale for å starte prosjektet i eigen regi, eller om ein skulle heller la vere og i staden bruke ressursane på å engasjere Placement – eit firma som jobbar med å rekruttere hovudsakleg nederlandske familiar til Norge. Politikarane bestemte seg for å setje i gong Døropnarprosjektet og at Fjordhagen AS skulle vere prosjektoperatør. Prosjektet var 3-årig og varte fram til sommaren 2012. Det vart sett av ein 40% stillingsressurs som skulle dekkje «døropnar» i tillegg til at dagleg leiar stilte som prosjektleiar og sekretær for styringsgruppa.

Døropnartenesta ved Fjordhagen AS arbeidde kontinuerleg med å få innflyttarar og innbyggjarar til å bli verande i kommunen gjennom integrerings- og trivselstiltak. Døropnartenesta var eit første kontaktpunkt og ein koordineringsfunksjon for innflyttaren. Døropnaren tok personleg kontakt med alle innflyttarar, sytte for at alle innflyttarar fekk Norddal kommune si velkomstpakke, oppdaterte heimesidene til Norddal kommune med informasjon under ”Ny i Norddal”, hadde oversikt over og formidla ledige bustader og tomter, ledige arbeidsplassar og informerte om fritidstilbod. Døropnartenesta arrangerte norskkurs heilt frå nybyrjarkurs og opp til vidaregåande kurs der kandidatane kan gjennomføre Bergenstesten og kvalifisere norskkunnskapane for opptak til høgskule/universitet. Døropnartenesta arrangerte innflyttartreff og freista å skape møteplassar der innflyttarane møtte innbyggjarane. Innflyttartreffa vart arrangert i samarbeid med friviljuge lag og organisasjonar og vart arrangert i samband med til dømes korpskafé, skikafé, folkedanstreff, bygdekvinnelagsmøte og på Frivillegsentralen/Kraftsenteret. I tillegg arrangerte døropnartenesta Romjulstreff/Påsketreff for utflytta Norddalingar for å orientere om aktuelle bustadprosjekt, næringslivet sine kompetansebehov framover og utviklingsprosjekt i kommunen elles.

Det har i Døropnarprosjektet og vore arbeidd med søknadar til KRD om Bulyst-midlar både i 2010 og 2011, men kommunen nådde dessverre ikkje opp. Rådmann, næringssjef og leiar i driftsutvalet i Norddal kommune deltok på Omdømmeskolen til KRD/Distriktsenteret hausten 2010. Møre og Romsdal fylkeskommune signaliserte etter avslaget i 2011 at kommunen kunne søkje om fylkeskommunale midlar, og kommunen fekk løyvd LUK-midlar til eit prosjekt for Omdømmestrategi med handlingsplan.

Sjølv om innbyggjartalet framleis gjekk ned med 31 personar i prosjektpersonalet, såg ein at den negative utviklinga med innanlandsk netto utflytting bremsa opp samanlikna med 3-årsperioden før Døropnarprosjektet. Ein såg også at den positive utviklinga med utanlandsk netto innflytting hadde forsterka seg. Ein kan ikkje påvise at Døropnarprosjektet er den einaste grunnen til denne utviklinga, men det er sannsynleg å tru at det har medverka positivt. Med bakgrunn i dette vedtok Norddal kommune i juni 2012 å vidareføre døropnartenesta i tre nye år frå 01.juli 2012. Norddal kommune vedtok også å sende ein søknad til Møre og Romsdal Fylkeskommune om LUK-midlar til eit interkommunalt tilflyttingsprosjekt saman med Stordal og Stranda kommunar. Denne søknaden vart avslått.

### **3. Problemstilling**

Utgangspunktet for problemstillinga er tilflyttungsprosjektet Døropnarprosjektet i Norddal kommune 2009-2012. Formålet med oppgåva er å undersøke korleis det har gått med dei familiene som vart møtt av Døropnarprosjektet i perioden 2009-2010, og å skaffe kunnskap om kva tilflyttarane sjølv legg vekt på når dei vel å bli buande i, eller vel å forlate Norddal kommune. Sagt på ein annan måte, kva har vore avgjerande for valet om å bli verande for dei som framleis bur i kommunen, og kvifor har nokre familiarer flytta? Tilflyttarane sine eigne erfaringar og refleksjonar om kva som gjer at dei trives i Norddal kommune og kva dei sjølv meiner er avgjerande for at dei vert buande vil styrke kunnskapsgrunnlaget for Norddal kommune og andre som jobbar med å utvikle kommunen i ei inkluderande og attraktiv retning.

Spørsmålet om kva som avgjær at folk trivs der dei bur kan studerast frå fleire innfallsvinklar (NIBR-rapport: 2012:5). Ein innfallsvinkel kan vere å ta utgangspunkt i lokale aktørar, strukturar/rammevilkår og føresetnader for inkludering på sentrale arenaer slik som arbeid, bustad, utdanning, kommunale tenester, sivilsamfunn og fritidsmogleheter. Ein annan innfallsvinkel er å ta eit meir tydeleg utgangspunkt i personane, innflyttarane sjølve. Opplever den einskilde mogleheter for å gjennomføre sitt og andre familiemedlemmer sitt livsprosjekt når dei flyttar til Norddal kommune? Nokon vil ha ambisjonar for eige og/eller familiens liv som ikkje er stadbundne. Andre kan tenkje at dersom eg trivast her, blir eg verande. Dersom ikkje, flyttar eg til ein annan stad der eg trur mogleheitene er betre for eit godt liv for meg og mine nærmaste.

**Med bakgrunn i dette har eg formulert følgjande hovudproblemstilling:**

- I kva grad har stadtvalitetar betydning for innflyttarfamiliar sine val om å busetje seg i bygdene i Norddal kommune, og kva slags typar stadtvalitetar kan vere viktige?

Kva som får tilflyttarar til å flytte til og bli buande i Norddal kommune handlar mellom anna om korleis dei fortolkar «push-, pull- og stay» faktorar knytt til den aktuelle staden og alternative andre stader. Push og pull er omgrep som er mykje brukt i migrasjonslitteraturen. McDonald (2007) skriv at teorien om push- og pullfaktorar vart lansert i 1926 av den amerikanske økonomen Harry Jerome. Teorien har også vore mykje brukt av demografer,

geografar, økonomiar og sosiologar (Castles og Miller 2009). I migrasjonsforskning har push-pull teorien blitt brukt til å forklare migrasjon på bakgrunn av ein kombinasjon av push og pullfaktorar. *Push*-faktorar dreier seg om det som får nokon til å flytte frå ein stad, slik som til dømes problem med å finne arbeid, mangel på sosialt nettverk og mangel på tilbod ein verdset. *Pull*-faktorar handlar på den andre sida om kvaliteter ved staden ein vert tiltrekt ved migrasjon og flytting, til dømes forventningar om å få oppfylt det ein har sakna, eller det som ikkje fungerte på fråflyttarstaden. Det kan også vere kjærleik og trua på eit betre liv. *Stay*-faktorane er imidlertid det sentrale i denne oppgåva. Kva er det den einskilde tilflyttaren set så pris på ved staden dei no bur at dei har vald å bli buande i Norddal kommune?

Stadkvalitetar er truleg ikkje den einaste faktoren som spelar inn når innflyttarar treff sine val, men slike kvalitetar kan vere viktige for dei som ikkje har t.d. slekts- og familiemessig tilknyting til staden.

- Kva betydning har stadkvalitetar i forhold til andre grunnleggande faktorar for busetting, som tilfredstillande arbeids- og bustadforhold, eventuelt andre forhold?
- Kva stadkvalitetar set innflyttarar til bygdene i Norddal kommune mest pris på?
- Kva stadkvalitetar synest innflyttarar til bygdene i Norddal kommune er mest problematisk?

Utover å beskrive og analysere stadkvalitetar vil eg også drøfte moglege faktorar som kan kaste lys over variasjon i materialet. Ettersom Norddal kommune består av 5 ulike bygdemiljø, er det også mogleg at den enkelte bygda har særdrag som kan ha betydning for innflyttarar si oppleveling av stad. Eg vil og anta at variasjon i korleis ein opplever det å bu i ei Norddal-bygd kan ha samanheng med innflyttarane sin kulturelle bakgrunn.

- Korleis opplever innflyttarar dei ulike lokalsamfunna/bygdesamfunna i Norddal kommune? Trives dei like bra i alle?
- Kva betydning har innflyttarane sin nasjonale bakgrunn?

## 4. Teoretiske perspektiv

### 4.1 Perspektiv på stad

Omgrepet stad er komplekst, og det vert nytta på ei rekke ulike måtar, både i daglegtale og i faglege samanhengar (Berg m.fl. 2009). Stad vert brukt om både konkrete geografiske område, typar område og i abstrakte uttrykk. Dette er relativt uproblematisk i kvardagsleg kommunikasjon, men vert meir komplisert når omgrepet stad skal gjerast til gjenstand for vitskapleg teoretisering, presisering og analyse.

Agnew (1987) slo fast at tre hovudforståingar av omgrepet stad kunne identifiserast i den geografiske litteraturen. Den første er stad som bakgrunnsramme – *location*. Ein vektlegg dei ytre, objektive, fysiske og materielle føresetnadane som det sosiale og økonomiske liv går føre seg innanfor rammene av. Hovudvekta vert lagt på kvantifiserbare og synlege eigenskapar ved staden. Den andre hovudforståinga er stad som oppleving – *sense of place*. Denne forståinga omfattar tradisjonar som legg vekt på den indre, subjektive, opplevingsmessige dimensjonen ved stad. Ein vil avdekkje korleis ulike individ og grupper tolkar og knyt seg til dei områda der dei lever sine liv. Ut frå denne forståinga er det menneska sine ofte ulike opplevingar av ein stad som må studerast. Den tredje og siste av Agnew sine dimensjonar på stad er stad som sosial kontekst – *locale*. Stader forstått som locale vert forma gjennom sosial praksis, dei rutineprega aktivitetane som kjenneteiknar kvardagslivet både i heim, skule, arbeid osv. Omgrepet *locale* gjev ei kopling til strukturasjonsanalyse (Giddens 1984) fordi heim, skule, arbeid vert styrt av formelle og uformelle reglar og rammer samstundes som dei vert påverka og endra av dei aktivitetane som går føre seg der.

Stad kan ut frå dette studerast som ei ramme eller lokalisering for økonomisk aktivitet og som natur/topografi (*location* – fokus på materialitet), som ein kontekst for kvardagsleg samhandling (*locale* – fokus på praksis) eller som opplevingar av stad eller forteljingar om stad og tilhøyrigheit til stad (*sense of place*) (Munkejord 2011). Eg vil i denne oppgåva primært studere problemstillinga ut frå perspektivet *sense of place*. Dvs. eg vil gå utover ei beskriving av kommunen som territorium, institusjonar og samhandlingsmønster, men samstundes sjå variasjon i opplevingar av stad (*sense of place*) i samanheng med sosiale og strukturelle faktorar.

## 4.2 Kva ligg i omgrepet stadtvaliteta?

Stadtvaliteta kan knytast til eigenskapar ved ein stad som betyr noko for oppleving og livsutfalding (NIBR-rapport 2012:5). Slike eigenskapar kan vere storleiken på ein stad, næringsstruktur, lokale moglegheiter for arbeid og utdanning, kjenneteikn ved den lokale bustadmarknaden, offentleg og privat tilbod innan handel service og fritid, landskap og natur og avstandar og kommunikasjonsmoglegheiter til andre stader. Stadtvaliteta handlar dessutan om staden vert opplevd som inkluderande, som hyggeleg, altså det dreier seg om kvaliteten på det sosiale livet og kulturelle forhold. Ein del av dette er kva som særpregar den lokale, kollektive mentalitetten. I den grad det er tale om slike kollektive mentalitetar kan dette har noko å seie for korleis tilflyttarar vert møtt på sentrale arenaer lokalt.

## 4.3 Status på flytteforskingsfeltet opp mot oppgåva

Munkejord (2011) seier i si bok *Hjemme i Nord* som omhandlar bulyst og kvardagsliv blant innflyttarar til Finnmark at sjølv om innflyttarar statistisk sett utgjer ei svært viktig befolkningsgruppe i store delar av Distrikts-Norge, er dei blitt via lite merksemd i forsking, media og politikk. Interessa har gjerne vore stor når det gjeld utflytting, med stort fokus på utflytting av ungdom, og frå distrikts-Norge, spesielt kvinner. Dette er eit paradoks, fordi det har stor betydning for mange stader om dei klarar å tiltrekke seg fleire innflyttarar samt å få nokon av innflyttarane som kjem til å velje å bli lenger enn dei først hadde tenkt. Dei fleste av innflyttarane som Munkejord snakka med i undersøkinga som låg til grunn for doktorgradsavhandlinga kom i utgangspunktet berre for ein kort/avgrensa tidsperiode, men så har dei av ulike grunnar på eit eller anna tidspunkt vald å bli buande. Studien hennar undersøker årsakene til at det vart slik, gjennom å gje innsyn i innflyttarane sine forteljingar om arbeid, lokalsamfunn, fritid, familieliv, klima og landskap. Boka peikar med dette på nokon av dei aspekta som skapar bulyst for ulike innbyggjarar i nord. Eg ynskjer i masteroppgåva mi å byggje vidare på dei forskingsresultata Munkejord fann i si undersøking.

Munkejord (2005:6) har i HIF-rapporten Det gode liv i Deatnu/Tana gjort ei undersøking om Tanaværingane sine tankar om Tana som bustad og om Tana sitt omdømme. Eg har også nyttet denne rapporten som grunnlag for masteroppgåva mi, spesielt med tanke på tematikk og forskingsspørsmål. Det er Del 1 av rapporten som er mest interessant for mi oppgåve; denne har hatt som målsetning «å undersøke hva de intervjuede gruppene definerer som positive og

negative sider ved det å bo i Deatnu/Tana i et bredt perspektiv» (Munkejord 2005:6: 23). Fleire tema sto her i fokus. Ein såg nærmare på naturen si betydning for opplevd livskvalitet i Deatnu/Tana, og ein såg nærmare på opplevinga av kultur og fritidstilbod, og på korleis kommunen vart opplevd som service- og velferdsinstitusjon.

Eg finn også at Norut Tromsø, rapport nr 6/2011: Med håp og engasjement En kunnskapsstatus om utfordringer og strategier i rekruttering av arbeidskraft til distriktskommuner kan vere relevant ift. å sjå om faktorar/stadkvalitetar som har betydning for tilflyttarar i Norddal fell saman med Norut-rapporten sine hypoteser om kva strategiar som verkar for tilflytting til distriktskommunar.

Det kan også vere relevant å sjå i kva grad funna frå denne masteroppgåva er samanfallande med funna i NIBR-notatet *Bolyst og stedsattraktivitet – motiver for å flytte og bo i distriktene* (2009). Resultata frå Bo- og flyttemotivundersøkinga (SSB 2008) viste at arbeid i større grad vert brukt som grunngjeving for å flytte til og bli buande i dei perifere distriktsregionane enn i andre typar regionar. Ved sidan av arbeid viser tilhøyrigheit og stadidentitet seg å ha stor betydning for å bli buande. Tilgang til ein tilfredstillande bustad vert i liten grad brukt som motiv for å flytte mot straumen. Norddal kommune er ein kommune med låg arbeidsløyse (0,9%), men likevel med begrensa moglegeheit på arbeidsmarknaden. Mange må pendle ut av kommunen for å få det arbeidet dei ynskjer/er kvalifiserte for. Det er mogleg at mangel på (relevante) arbeidsplassar er ein viktig grunn til at ein ikkje vel å busetje seg i Norddal. På den andre sida vil folk i dag i større og større grad akseptere å dagpendle mellom bustad og arbeid, ofte opp til ein times tid kvar veg og kanskje meir. Dersom det er slik at tilhøyrigheit og stadidentitet har stor betydning for at familiar vert buande vil det vere slik i Norddal kommune at det er større sjanse for at «heimflyttarar» vert buande i kommunen enn at ein innflyttarfamilie utan slekts- eller stadtilknyting til kommunen vert buande.

I NIBR-rapport 2012-5 *Derfor blir vi her - innvandrere i Distrikts-Norge* søker ein å avdekkje kva som skal til for at flyktningar, arbeidsinnvandrarar og familieinnvandrarar vel å bli buande i ei distriktskommune og vurderer denne som ein framtidig bustad. Problemstillinga vert drøfta i lys av innvandrarane sine eigne perspektiv og erfaringar. Eg ser denne rapporten som svært interessant for mi oppgåve, spesielt med tanke på at Norddal kommune har stor arbeidsinnvandring og at ein såleis kan sjå om der er samanfall mellom funna i denne rapporten og i mi oppgåve. Informantane i NIBR-rapporten framhevar borna sine

oppvekstvilkår, tryggleik, det rolege livet på bygda, eit godt lokalmiljø og vakker og rein natur som positive stadtqvilitetar. Det ser ut som at arbeid, bustad, materielle kår og den norske velferdsstaten blir tatt for gitt. Dei negative stadtqvilitetane som vert trekt fram er storleiken på staden med få tilbod og møteplassar, ver, klima og mørketid samt isolasjon, store avstandar og sagn av familie og andre ein kjenner kulturell nærleik til. Når det gjeld arbeid er det mange som ikkje får brukt kompetansen dei har med seg frå heimlandet sitt. Dei ynskjer å lære skikkeleg norsk og vidareutvikle kompetansen sin slik at dei kan få meir interessante og betre betalte jobbar. Undersøkinga viser at innvandrarane er sterkt motiverte for å eige eigen bustad og at dei har eit langsiktig perspektiv med omsyn til å bu i kommunen. Innvandrarar med stort sosialt nettverk som inkluderer nordmenn er dei som trivs best på staden. Dei vaksne har lita tid til sosial deltaking på grunn av lange arbeidsdagar, språkundervisning og oppfølging av familien. Gode og rimelege kommunikasjonsmogleheter, inkludert internett betyr svært mykje for sosial trivsel. Det å bli sett som individ, «å vere nokon», har stor betydning for korleis informantane opplever å bli møtt lokalt. Innvandrarane trur sjølv at det er mykje lettare å bli gjenkjent, å bli ein person å bli ein som andre bryr seg om på ein liten stad enn i ein stor by. Informantane merkar lite til rasisme og diskriminering i lokalmiljøet, men opplever at lokale sosiale nettverk kan vere tette, ekskluderande og vanskelege å kome på innsida av.

Stay-faktorane, det som bidreg til at folk vert buande der dei bur, er ulike for innfødde og tilflyttarar. Lokalbefolkninga har ein innebygd stay-faktor. Dei kan vere oppvaksne på staden, har som oftast familie og sosiale nettverk og vil vere i stand til innrette seg ut frå at dei kjenner staden sine mogleheter og manglar. Tilflyttarar, og spesielt flyktningar og arbeidsinnvandrarar, har sjeldan eit forhold til staden før dei flytter dit. Dersom kommunen og det lokale næringslivet ynskjer at innvandrarane skal velje å bli buande, blir oppgåva å bidra til å skape stadtilhøyrigheit. Verdsetting handlar om anerkjenning og om inkludering på individnivå.

Når det gjeld faktorar tilknytt lokalsamfunna som kan ha bidratt til å støyte frå seg tilflyttarar (såkalla push-faktorar) finn eg at dette kan sjåast i lys av Nyseth og Aarsæther (2002) si bok Nærdemokrati Teori og Praksis, og kapittel 2 i denne boka som ser på lokalsamfunnet som ei plattform for å skape nærdemokrati. Her har forfattarane tatt for seg ulike typar eller former for lokalsamfunn som vi kan observere i dag. Dei har kome med framlegg til nokre idealtypar av «stad» og prøver å sjå analytisk på kva som kan konstituere dei ulike typane «Det

tradisjonelle, kommunitære lokalsamfunnet», «Det segmenterte lokalsamfunnet», «Fragmenterte lokalitetar» og «Det allsidige lokalsamfunnet». Oppdelinga av lokalitetar er gjort ut frå tenkinga omkring utviklinga frå det tradisjonelle til det moderne samfunnet, og vidare frå det moderne til det postmoderne eller seinmoderne samfunnet.

Det tradisjonelle, «kommunitære» lokalsamfunnet er ein tett integrert stad der alle er involverte med kvarandre, på grunnlag av sterke, felles normer om rett og gale. Innflyttarar til ei slik bygd opplever integrering dersom dei deler verdiane, men opplever å bli støytt ut dersom dei er på kant med verdiane. Samhaldet i slike bygder er sterkt, men i dag meir forankra i opplevde felles interesser enn i felles religionsutøving og yrkespraksis. Fellesinteressa kan ha som basis at bygda treng betre kommunikasjonssamband med omverda, men det kan også vere tufta på oppslutninga om sterke lokale institusjonar som skule og omsorgsbustader eller ei felles etnisk tilhørsle. Folk i slike bygder har ingen problem med å handle i fellesskap når dei opplever trugsmål utanfrå. Bygda er prega av samhald, men også stillstand.

Det segmenterte lokalsamfunnet er prega av gruppedeling. Også her vil ein finne mange patriotar og ein klar identitet knytt til staden, men det eksisterer inga felles oppfatning om kven eller kva det er som skal definere lokalsamfunnet. Her er kan spenninga vere stor mellom fire grupper; folk som har inntektene sine frå primærnæringane, arbeidrarar knytte til industrien, bedriftsleiarar og folk med arbeid i offentleg sektor. Den funksjonelle og klassemessige oppsplittinga kjem i segmenterte samfunn til uttrykk i geografisk skilde bustadområde. Ei slik bygd har problem med å forsvere seg mot uønskte endringar påført utanfrå; på grunn av oppsplitting og konfliktar vert det ingen samlande aksjon. Innflyttarar i segmenterte bygder opplever integrering dersom dei har evnene til å ferdast i ei konfliktline. Dersom dei som innflyttarar involverer seg på «feil» side i ei av konfliktane kan dei oppleve problem og utstøyting frå andre delar av lokalsamfunnet.

Det fragmenterte lokalsamfunnet er kjenneteikna av å vere ein stad der folk bur, men som har tapt (eller aldri utvikla) eit preg av å vere lokalsamfunn. Folk har lite med kvarandre å gjere som følgje av stor gjennomtrekk. Mange flytter inn og ut, og folk får ikkje tid til å etablere og halde ved lag stabile sosiale relasjoner. Bustadane er individualistisk utforma og kollektivt anonyme. Nesten alle har sine viktigaste gjeremål langt unna det lokale. I slike lokalsamfunn er det liten eller ingen motstand mot endringar påført utanfrå, og det har mange samanfallande trekk med den postmoderne staden der folk bur men har lite av sitt sosiale liv utanom

intimsfåren knytt til bustadområdet. I det fragmenterte lokalsamfunnet er det liten sjanse for at innflyttarane kjem i kontakt med bygdefolket då ein kvar har nok med sitt. Innflyttarane vil føle seg lite velkomne, med mindre dei har spesielle integrative evner som kan bidra til å skape fellesskap. Nettopp det har faktisk innflyttarar moglegheit for, jamfør også den segmenterte bygda.

Den fjerde typen lokalitet er det allsidige lokalsamfunnet. Det allsidige lokalsamfunnet har same utgangspunktet som for det segmenterte lokalsamfunnet, men tendensen til oppsplitting blir motverka av andre sider ved samfunnslivet. Med det moderne, industribaserte samfunnet vaks den frivillige organisasjonen fram som ei ny ramme kring sosiale aktivitetar. Det blei danna mange ulike lag og foreiningar, men i staden for å verke splittande ved at folk fordele seg på ulike organisasjonar som konkurrerte med kvarandre og skapte mindre samhald lokalt var det det motsette som skjedde. Folk flest teikna medlemskap og var aktive jamt over i meir enn ein organisasjon. Dermed vart det skapt lokalsamfunn med ei omfattande overlapping i dei sosiale relasjonane. Dette førte også med seg meir positive omgangsformer og ei sterk demping av alle oss-mot-dei-haldninga både inn mot lokalsamfunnet og i relasjonar mot omverda. Dei fleste organisasjonane folk var medlemmer av har forgreiningar til fylkes- og riksnivå. Overlapping førte også med seg klare opningar for nytenking og skaparevne, ved at den enkelte får fleire typar impulsar og kan ta med seg erfaringar og løysingar frå ein organisasjon til ein annan.. Allsidige lokalsamfunn har ein høg beredskap for felles handling når det måtte trengast, og dersom det blir stilt overfor trugsmål om nedlegging vil ein kunne utvikle alternative svar og mobilisere ikkje berre for å hindre endring, men også for å få fram nye løysingar. Den allsidige bygda byr ikkje på integreringsproblem for innflyttarane då toleranse er ein viktig eigenskap. ”Alle” organisasjonar verkar dag å vere svært så interesserte i å teikne nye medlemmar.

Slik eg kjenner dei fem bygdene i Norddal kommune vil eg utan nærmere undersøkingar seie at ingen av dei er utelukkande det eine eller andre av desse idealtypane av stad, men ein kan seie at alle fem utpeikar seg i sine retningar. Eg kan på den andre sida ikkje basere analysen på mine eigne oppfatningar og teoriar då eg ikkje har prøvd sjølv å bu i meir enn ei av dei. Eg ynskjer difor å sjå om eg kan relatere svara frå informantane når det gjeld trivsel/mistrivsel i forhold til naboskap opp mot følgjande fire karakteristikkar: «Bygda er svært tett», «Bygda er splitta i ulike leifar», «Folk har nok med seg sjølve» og «Bygda har eit rikt organisasjonsliv og det er lett å melde seg inn/bli invitert».

## 5. Metode

Metode kan sjåast på som eit reiskap til å skaffe seg innsikt. Å bruke ein metode, av det greske *methodos*, betyr å følgje ein bestemt veg mot eit mål. Val av metode vil seie noko om korleis vi kan gå fram for så langt som mogleg å undersøke om i kva grad våre oppfatningar stemmer overeins med det som blir rapportert om «verkelegheita» eller ikkje. Forskaren må bruke metode for å teste ut eller finne belegg for konklusjonane sine.

Ein skil mellom kvantitative og kvalitative metodar. I følgje Grønhaug og Kleppe (1989) viser omgrepa kvalitativ og kvantitativ til spesielle eigenskapar. Kvalitet betyr «beskaffenhet» og viser til eigenskapar ved fenomen, medan kvantitet viser til mengde eller tal på noko.

Eg oppfattar at kvantitativ metode eignar seg til å undersøke utbreiing, omfang, mengde eller korrelasjonar og at den eignar seg for å kunne generalisere funn til ein større populasjon.

Døme på kvantitativ metode er spørjeskjema eller intervju med førehandsdefinerte svarkategoriar. Statistiske analyser er den vanlege måten å analysere kvantitative data på. Ei vanleg oppfatning av kvalitativ metode er at den eignar seg til å undersøke mening, samhandling, prosess og kommunikasjon. Dømer på kvalitativ metode kan vere bruk av kvalitative intervju, dvs. intervju der svarpersonane sjølve blir oppmoda til å gi sitt bilde ut frå sine eigne omgrep, og der forskaren er open for å utvikle og reformulere problemstillinga ut frå det som kjem fram i interaksjonen mellom forskar og intervuperson. Kvalitative metodar inneber også deltakande observasjon, bildeanalyse og dokumentanalyse. Tekstanalyser er den vanlege måten å analysere kvalitative data på.

Innan samfunnsvitskapleg forsking har det tradisjonelt vore trekt eit hovudskilje mellom ein hermeneutisk/fortolkande og ein positivistisk posisjon (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010). Det positivistiske forskingsidealet legg til grunn at alle type fenomen – også samfunnsfenomen, kan og skal undersøkast med den same vitskaplege metoden, inspirert av den naturvitskaplege. Her skal sosiale fenomen studerast utanfrå, det vil seie utan at forskaren engasjerer seg eller deltek i det feltet som skal studerast. Kvantitative metodar eignar seg best for å oppnå eit slikt forskingsideal. Kritikarane av det positivistiske vitskapsidealet i samfunnsforskinga har forankringa si i den hermeneutiske tradisjonen, som legg vekt på ei fortolkande tilnærming til menneske og samfunn, der hovudoppgåva er å utvikle ei forståing av meininga i konkrete individuelle og mellommenneskelege forhold og i

sosiale strukturar og aktivitetar. Her egnar kvalitative metodar seg best til å oppfylle eit slikt forskingsideal. I følgje den hermeneutiske tradisjonen har all menneskeleg handling ein meiningsdimensjon, og for å få innblikk i meinингa bak menneskeleg handling må forskaren delta i samfunnet, snakke med menneske og ut frå dette tolke det som skjer. Då må ein nytte kvalitative metodar slik at ein ikkje går glipp av informasjon som ikkje er mogleg å fange opp på andre måtar.

Det er først og fremst problemstillinga som bestemmer kva metode og framgangsmåte ein skal velje. Andre forhold kan også vere med å bestemme metodeval. Ressursar (tid og pengar) set begrensingar for kva som er mogleg å gjennomføre. For meg som student vil metodevalet både vere eit resultat av kva som er best egna til å svare på problemstillingane, og kva som er mogleg å gjennomføre innanfor den fastsette tidsramma. For å få ei nærmare innsikt i korleis det har gått med dei som vart møtt av Døropnarprosjektet har eg vald gjennomføre kvalitative, men delvis strukturerte intervju. Grunnen til at eg vel denne metoden er at det i følgje Kvale og Brinkmann (2009) har til hensikt å få fram skildringar av informanten sin kvardagsverden for å kunne tolke betydninga av dei fenomena som vert skildra. Denne metoden vil gje informantane større fridom til å uttrykke seg enn det eit strukturert spørjeskjema tillet. Metoden er eigna til at informanten kan rekonstruere hendingar, noko som det er meir usikkert å få til ved hjelp av eit strukturert spørjeskjema. Sosiale fenomen er komplekse og det kvalitative intervjuet gjer det mogleg å få fram kompleksitet og nyanser som ein ikkje vil kunne få fram gjennom strukturerte spørjeskjema.

## 6. Forskningsdesign

Termen *design* har opphavet sitt frå latin, *de-* og *signum*, som betyr *teikn* (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010). I vår tid refererer *design* til formgjeving på mange område, også i forsking dreier design seg om formgjeving.

### 6.1 Datainnsamling

Eg har hatt som mål å gjennomføre intervju med vaksenpersonar i 10 innflyttarfamiliar, fordelt med to familiar frå kvar av dei fem bygdene Valldal, Fjørå, Tafjord, Norddal og Eidsdal. Personane i utvalet flytta hit i perioden 2009-2010 og bur her enno (til saman 10 familiar). Dersom eg skulle tatt omsyn til representativitet skulle utvalsfordelinga ha vore ei anna mellom bygdene (Valldal har 950 innbyggjarar og Tafjord 120), men eg vel å sjå bort frå representativitet då behovet for å anonymisere informantane (og bygdene) veg tyngre enn representativitet mellom bygdene. Eg ville også gjere korte telefonintervju med vaksenpersonar i 10 familiar som i løpet prosjektperioden for Døropnarprosjektet (august 2009-juni 2012) har flytta til, men deretter flytta frå Norddal kommune. Valet på storleiken på utvalet av informantar er gjort med bakgrunn i eit forsøk på førehand å avgjere kva som vil vere *nok* intervju. Her støttar eg meg på Seidman (1998); Kvale og Brinkmann (2009) som hevdar at det bør gjennomførast intervju heilt til forskaren ikkje lenger får noko ny informasjon. I teorien er det inga øvre eller nedre grense for tal på intervju. I praksis har det i følgje Johannessen, Tufte og Christoffersen (2010) utvikla seg nokon uskrivne reglar som seier at «i mindre prosjekter og i pilotprosjekter er det vanlig med et utvalg på 10-15 informanter, i blant flere, avhengig av problemstilling».

Undersøkingar som nyttar data frå ein avgrensa og kort periode kallast tverrsnittundersøkingar og gjev eit augneblinksbilete av det fenomenet ein studerer (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010). Tverrsnittundersøkinga kan gje informasjon om korleis fenomen varierer på det aktuelle tidspunktet. Det er også mogleg å seie noko om samanhengar mellom fenomen på det aktuelle tidspunktet. Når ein har data frå berre eitt tidspunkt må ein imidlertid vere svært forsiktig med å trekke konklusjonar som seier noko om utvikling over tid. Tversnittdesign har også sine begrensingar ved at det er problematisk å avdekke årsakssamanhangar mellom fenomen, dvs. om eit fenomen vert påverka av eitt eller

andre fenomen. Sidan eg skal snakke med folk om fortida og prosessar over tid, så skil dette seg frå tverrsnittundersøkinga. Undersøkinga vil på ein måte vere longitudinell (langsgåande), fordi svarpersonane blir bedne om å reflektere over ein tidsperiode dei har budd i Norddal, men ho vil skilje seg frå definisjonen på ei longitudinell undersøking då undersøkinga ikkje samlar inn data på fleire enn eitt tidspunkt. Samstundes kan ein likevel seie at undersøkinga er longitudinell då eg snakkar med folk om fortida og prosessar over tid.

Utgangspunktet for utveljing av informantar i kvalitative undersøkingar er dermed ikkje å maksimere representativitet, men hensiktsmessigkeit. Hensikta med kvalitative undersøkingar er å få best mogleg kunnskap om fenomenet (fyldige skildringar), ikkje å gjere statistiske generaliseringar ved oppteljing av respons på ulike svaralternativ.

Utvalsstrategien for denne undersøkinga var å starte med dei som Døropnarprosjektet først hadde kontakt med frå august 2009 og fortsette utover 2010 til talet på informantfamiliar var nådd. Deltakarane vart rekrutterte gjennom å gå gjennom innflyttar-listene til Døropnarprosjektet. Kriteriene for seleksjon var å fylle opp lista over informantar systematisk ettersom familiarer henholdsvis frå Valldal, Fjørå, Tafjord, Eidsdal og Norddal var registrert i innflyttarlistene til kommunen, inntil utvalet var fullt med 2 familiarer frå kvar bygd. I dei familiane der ein av dei vaksne hadde stadtilknyting til bygda, valde eg å intervju den som ikkje hadde stadtilknyting til bygda. Dette fordi det er sannsynleg å tru at det er deira trivsel det avheng av om familien vert verande eller ikkje. I dei familiane der ingen av dei vaksne hadde stadtilknyting, valde eg å intervju den av dei vaksne som ein gjennom døropnartenesta har hatt mest kontakt med og som kan best norsk. Dei som følte at dei ikkje kunne gjennomføre intervjuet på norsk eller engelsk, vart intervjuet på sitt eige morsmål. Intervjuet vart deretter omsett til norsk.

Informantane mottok først ei henvending per brev med informasjon om undersøkinga og beskjed om at eg kom til å ta kontakt for å avtale intervju. To familiar takka nei til å bli intervjuet. Dei var frå to forskjelle bygder (ikkje kommunesenteret), så dette vil ikkje ha noko å seie for å kunne seie noko om alle bygdene. Når det gjeld informantane som har flytta att har eg gjennomført korte telefonintervju med desse, for å redusere kostnadene med oppgåva. Ved gjennomgang av innflyttar-listene til Døropnarprosjektet fann eg berre 7 familiarer som hadde flytta att, ikkje 10 slik målsettinga var. Av dei 7 familiane fekk eg intervjuet 2, resten fekk eg ikkje tak i anten fordi ny adresse ikkje er kjend eller fordi dei ikkje

tok telefonen. Det som er problematisk med at eg berre fekk intervjuet 2 av 7 av dei familiene som har flytta att er at det mest sannsynleg ikkje er mange nok intervju for å kunne seie at det ikkje lenger kjem fram ny informasjon. På den andre sida veit eg gjennom Døropnarprosjektet hovudgrunnane til at 3 av familiene eg ikkje fekk tak i flytta att, og vil leggje dette til grunn i tillegg til telefonintervjuet. Såleis har eg empirisk grunnlag for å seie noko om kvifor 5 av dei 7 familiene flytta att. Dokumentasjon av data vart for begge intervjuetmetodane gjort i form av fyldige tekstnotat på pc.

Intervjuet vert skrivne ut i si heilheit som grunnlag for analysen. Analysen består av fleire steg. Først må eg danne meg eit heilheitsinntrykk, deretter må eg identifisere og plukke ut kva for fenomen som gjev mening for informantane. Det siste er viktig for å redusere datamengda og kunne handtere stoffet analytisk. Deretter skal eg forsøke å gå bak det som kjem fram i intervjueteksten ved å gjere ei systematisk analyse av dei fenomena som gjev mening for informantane. Så skal teksten skrivast om frå informantens sitt kvar dagsspråk til eit profesjonelt språk. Avslutningsvis må eg samanfatte kvart einskild intervju og utarbeide ein generell struktur basert på alle intervjuet som er gjort om dei same fenomena. På kvart trinn i analyseprosessen går eg tilbake til rådataene mine og samanliknar intervjuet for å sikre at ingen viktige data om det fenomenet som eg studerer er utelatt. Ved presentasjon av resultata skildrar eg analyseprosessen slik at leseren vert kjend med den.

Det kvalitative forskingsintervjuet er ei samtale med ein struktur og eit formål (Kvale og Brinkmann 2009). Strukturen er knytt til rollefordelinga mellom deltakarane i intervjuet. Intervjuaren stiller spørsmål og følgjer opp svar frå informant. Eg har gjennomført semistrukturerte eller delvis strukturerte intervju, også kalla intervju basert på intervjuguide. Ein intervjuguide er ikkje eit spørjeskjema, men ei liste over tema og generelle spørsmål som skal gjennomgåast i løpet av intervjuet. I tillegg inneheld intervjuguiden underpunkt eller underspørsmål for at eg skal få dekt eller utdjupa dei ulike tema. Delvis strukturerte intervju kan gje ein god balanse mellom standardisering og fleksibilitet.

Dei metodiske utfordringane i denne oppgåva vil vere at det er individ som skal svare både på vegne av seg sjølv men også sin familie/husstand, kone svare på vegne av mann osv. Dette har eg løyst ved at eg i innleiinga til intervjuet ber om at informanten svarer på vegne av både seg sjølv og sin familie/husstand og at informanten opplyser om det dersom det er ulike oppfatningar innan familien når det gjeld dei ulike stadt-kvalitetane som eg spør om.

Det vert særstilt viktig å anonymisere svara frå dei ulike informantfamiliane då det elles er forholdsvis lett å identifisere kven som blir intervjuet sidan undersøkinga skal gå føre seg i små lokalsamfunn. Det er veldig viktig å skrive ut resultata av analysen på ein slik måte at ingen føler seg støtt eller uthengt.

Ei anna metodisk utfordring er språkvanskar. Det er fleire av informantfamiliane som er utanlandske og kanskje forstår og snakkar ikkje alle like godt norsk. Dette løyser eg ved å engasjere mine polske og nederlandske kollegaer til å gjennomføre desse intervjuene etter intervjuguiden. Spørsmåla i intervjuguiden er så strukturerete at undersøkinga ikkje blir så avhengig av meg som person, dermed kan mine kollegaer gjennomføre intervjudelen av undersøkinga utan større problem. Intervjuaren sin personlegdom er viktig i undersøkingar, men betydninga av personlegdom reduserast ved strukturering av intervjuguiden.

Den siste metodiske utfordringa heng saman med det å forske på eige lokalsamfunn/eigen heimstad. Eg meiner at dei positive sidene ved å produsere forskingsbasert kunnskap ved å studere eigen heimstad eller eigen organisasjon er vesentleg fleire og veg tyngre enn dei negative sidene. Det er viktig å vere bevisst på dei negative sidene og jobbe metodisk for å vege opp for desse.

For min del vil det nok i mitt eige forskingsdesign også vere aktuelt for ein periode å gå inn i statusen forskar som Fossåskaret og Paulgaard (2007) har gjort. Dette trur eg vil skape den naudsynte distansen eg som forskar treng for å kunne produsere ny kunnskap, samtidig som eg kan nyte føremonene av å ha god førehandskunnskap om staden eg skal forske på, noko som vil verke tidsparande.

Gjennom systematisk å gå gjennom fordelar og begrensingar som Repstad (2004) har lista opp i samband med å skrive om sin eigen organisasjon, kan eg nytte dei praktiske råda han har gjeve om korleis ein kan få den naudsynte distansen både til det eg studerer og til mi eiga rolle. Det handlar om bevisstgjering av informantane si oppfatning og mitt eige forhold til det som skal analyserast, klarlegging av mine eigne meningar og fordommar og problemområda eg vil behandle, finne fornuftige teoriar som både er konkurrerande, supplerande eller kompletterande, å innta rolla som djevelens advokat over for eigne data og teoriar, finne dialogpartnarar både innanfor og utanfor analysetemaet som har ei anna plassering og andre

haldingar enn meg sjølv, ikkje ukritisk godta dei gjengse forklaringane på problem og å kunne dokumentere analysen med objektive indikatorar dersom det er mogleg.

Når det gjeld produksjon av ny kunnskap, og det å formidle forskingsresultat tilbake vil målet mitt vere å sette aktørane – både innflyttarar og dei som legg til rette for innflytting – i stand til å handle meir reflektert og basert på ei djupare forståing av eigen stad og/eller organisasjon. Her gjev Repstad (2004) råd om å ikkje love meir anonymitet enn ein kan halde, å ta aktørane sine eigne analyser på alvor, å peike på handlingsmoglegheiter ut frå analyseresultata og å utnytte moglegheitene til å gjennomføre dialog med aktørane undervegs og i fleire etappar.

## 7. Analyse

I dette kapitlet vert det innsamla data-materialet presentert og analysert ved å trekke inn dei teoretiske perspektiva i teorikapitlet i diskusjonen opp mot oppgåva si problemstilling. Inndelinga av presentasjonen av empiri følgjer strukturen til intervjuguiden. Eg vil først presentere funna hjå familiene som vart verande, og deretter funna hjå dei familiene som flytta att.

I analyseprosessen har eg tatt for meg rådata frå intervjeta og skrive dei ut i si heilheit som grunnlag for analysen. Deretter har eg samanstilt og kategorisert svara etter same struktur som intervjuguiden. Til slutt har eg redusert datamengda gjennom å danne meg eit heilheitsinntrykk innanfor kvart tema/spørsmål i intervjuguiden, tatt for meg kvart einskild tema der eg har identifisert og plukka ut dei fenomena som gjev mening for informantane og skrive dette saman i ein tekst som også er omskrive frå informanten sitt kvardagsspråk til eit profesjonelt språk.

### 7.1 Familiene som blei verande

Eg intervjeta 3 kvinner og 5 menn i alderen 29-44 år. I 4 av dei 8 familiene som er representerte i utvalet har ingen av dei vaksne stadstilknyting til nokon av bygdene frå før. Desse familiene er alle arbeidsinnvandrarar frå utlandet, men ein av desse familiene har slektningar i Ålesundsregionen. I dei 4 andre familiene hadde ein eller begge dei vaksne stadstilknyting til ei av bygdene.

Når eg ser på innflyttarlistene generelt i same periode som utvalet mitt gjeld for, har 19 av totalt 26 familiar som flytta hit blitt buande. I 13 av desse familiene har ein eller begge vaksne hatt stadstilknyting til kommunen.

#### 7.1.1 Arbeidsinnvandrarar

Fleire av dei utanlandske arbeidsinnvandrarane har formell utdanning og kompetanse frå heimlandet som det er behov for i regionen, men som dei ikkje får utnytta på grunn av at dei

ikkje kan godt nok norsk. Dei som kan godt norsk og har god utdanning med seg som ballast har fått jobbar innanfor det dei er utdanna til.

Dette er samanfallande med NIBR-rapport 2012-5 som viser at mange ikkje får brukt kompetansen dei har med seg frå heimlandet sitt og at dei ynskjer å lære skikkeleg norsk og vidareutvikle kompetansen sin slik at dei kan få meir interessante og betre betalte jobbar.

Dei utanlandske arbeidsinnvandrarane hadde born i barnehagealder då dei kom hit. Fleire av familiene kom med eit kortsiktig perspektiv der motivet var å tene pengar og bygge seg opp kapital, og flytte tilbake til heimlandet når ungane skal ta til i skulen. Men nokre av ungane har no tatt til på skulen, og tanken om å bli her på lengre/permanent sikt har fått feste hos fleire av familiene. Dei seier at dette vil avhenge av om at dei framleis har arbeid og av at ungane trives på skulen. Nokre av familiene har bestemt seg for å bli verande uansett, fordi dei trives så godt og har fått etablert seg med eige hus.

Det at dei fleste i utgangspunktet kom berre for ein kort/avgrensa periode, men av ulike grunnar har vald å bli buande stemmer godt med det Munkejord (2011) fann i sin studie av bulyst og kvardagsliv blant innflyttarar til Finnmark. Målet med oppgåva mi er å avdekkje årsakene til at det vart slik.

### **7.1.2 Ein av dei vaksne har tilknyting til bygda**

I familiene der ein av dei vaksne har tilknyting til bygda har dei fleste familiene budd vekke frå Norddal kommune ein periode, for så å vende attende. Dei vende attende frå større tettstader i Ålesundsregionen og Trøndelag. Begge dei vaksne i familien har arbeid innanfor sin kompetanse/utdanningsbakgrunn. Fleire av dei er sjølvstendig næringsdrivande i kommunen eller tilsett i ei bedrift i kommunen, og nokon pendlar ut av kommunen for arbeid.

I tråd med Bo- og flyttemotivundersøkinga til SSB (2008) viser undersøkinga mi at tilgang på arbeid er ei viktig grunngjeving for å ta steget å flytte heim. Felles for familiene i mi undersøking er at moglegheitsvinduet er essensielt for valet å flytte heim. Arbeidet treng ikkje nødvendigvis vere i bygda der ein bur, fleire er villege til å dagpendle ein times tid kvar veg, nokre også meir. Det må klaffe med arbeid for begge dei vaksne i familien, men fleire løyser

dette med å etablere eigne bedrifter der dei får utnytta kompetansen sin. I følgje NIBR-notat *Bolyst og stedsattraktivitet – motiver for å flytte og bo i distriktene* så har tilhøyrighet og stadtidentitet stor betydning for å bli buande. Dette skal altså bety at det er større sjanse for at «heimflyttarar» vert buande i kommunen enn att ein innflyttarfamilie utan slekt- eller stadttilknyting til kommunen vert buande. Ei undersøking eg har gjort med utgangspunkt i innflyttarlistene frå Døropnarprosjektet viser at av totalt 26 familiar som flytta til Norddal kommune i perioden undersøkinga gjeld, har 7 flytta att. 3 av desse har stadttilknyting og 4 av dei har ikkje. Eg finn difor at det ikkje er eintydig at stadttilknyting og tilhøyrighet har stor betydning for at familiar vert buande. Dette kan også bety at kommunen, det lokale næringslivet og innbyggjarane er gode på å skape stadttilhøyrighet hjå tilflytta arbeidsinnvandrarar og at arbeidsinnvandrarane opplever at dei vert anerkjent og inkluderte på individnivå.

## 7.2 Kva set familiane mest pris på med bygda dei bur i?

### 7.2.2 Landskap

Alle innflyttarfamiliane set pris på naturen og landskapet. Dei framhevar stillheit, ro, fjord og fjell som viktige stadtqualitetar. Det er lett å bli bergteken av Norddal. Her finn ein dei djupaste fjordane og dei høgste fjella. Ein stor del av kommunen inngår i Vestnorsk Fjordlandskap som er på UNESCO si verdsarvliste. Store område i Norddal kjem også inn under Reinheimen nasjonalpark. 83% av kommunen sitt areal er høgfjell. Her er mange høge fossar, fire vassdrag og lakseelvar, 600-700 fjellvatn og 60 km<sup>2</sup> evig is (Furseth 2009). Som kontrast til dette og flatevidda på 944 km<sup>2</sup> står folketalet på 1736 innbyggjarar, noko som gjer at her er god plass til kvar einskild. Det at folketettheita er lita gjer at ein opplever omgjevnadane som roleg og stille og dette er med på å forsterke naturopplevinga. Alle fire årstidene er særmerkte med vinteren der snøen ligg i fleire meter tjukk på fjellet og det er flotte forhold for fjell- og toppskiturar, våren der snøen framleis ligg i fjellet og fjellsidene og dalbotnane er grøne av nysprett lauv og gras og fruktrea blomstrar ved fjorden, sommaren med jordbær og bringebærdyrking, dyr på beite, båtliv på fjorden og fjellturar og hausten med krystallklar luft, haustfargar i alle fjellsider og utallege fjellturmoglegheiter.

### 7.2.3 Lokalsamfunn

Fleire familiar seier dei set mest pris på at dei som innflyttarar *kjende seg velkommen av både naboar, bygdesamfunn og kommunen*, og at det var lett å bli kjent med folk og bli integrerte. Det vert sagt av fleire at ein alltid finn særinger i eit bygdesamfunn, og ikkje alle er like enkle å forstå seg på, men ein opplever det som positivt at ein er på hels med alle.

Innflyttarfamiliane opplever bygdefolket som hyggelege, hjelsame, omtenksame, opne, imøtekomande og positive. Eit døme er at naboar tok kontakt og tilbydde å låne ut møblar. Slike opplevingar er spesielt verdifullt for dei som ikkje har familie eller nettverk her frå før. I fleire av bygdene fortel familiane at bygdefolket ga gaver over all forventning i samband med til dømes fødsel. Dei tilbyr seg å plukke rips og jordbær for deg, og då Dagmar-stormen herja som verst i romjula (2011) opplevde ein innflyttarfamilie at naboen kom på besøk med batteri og lys og for å høyre om alt sto bra til. Innflyttarfamiliane opplever at dei blir godt tatt vare på og at samhaldet i bygda er bra, sjølv om bygdefolket sjølve seier at samhaldet var sterkare før. Det verkar som at dei familiane som integrerer seg best er dei som samstundes seier at det er mykje opp til ein sjølv å vere kontaktsøkande og open, og engasjere seg i lokalsamfunnet. Då får ein god respons frå bygdefolket. *Velkomstbrevet* frå kommunen, som både var på norsk og engelsk, vert trekt fram som noko ein set pris på og så gjer at ein kjenner seg velkommen. For dei som bur på sørsida av fjorden vert *ferga* framheva som noko ein set pris på i forhold til det å bli kjent med bygdefolket – alle sit saman der.

Ein familie framheva som positivt at det rett og slett er ei bygd dei bur i. Denne familien kunne aldri tenkje seg å etablere seg i ein by.

### 7.2.4 Bustad

Nokre familiar framhevar som mest positivt med si bygd at familien har funne eit utleigehus som både har god kvalitet og rimeleg leige. Det at ein har fått hus til disposisjon gjennom arbeidsgjevar vert også framheva som positivt. Fleire fram hevar også at dei har tilgang til butikk, barnehage, skule og jobb som positivt. Det at bustaden har mykje plass rundt seg vert også framheva som positivt.

### **7.2.5 Familieliv**

Fleire av familiene med stadstilknyting framhevar det at dei har familie i nærleiken som mest positivt ved bygda og at det er eit bra miljø og trygge omgjevnader for ungar å vekse opp i. Det at dei kjenner ein del folk vert også framheva som positivt for trivselen.

### **7.2.6 Friluftsliv**

Fleire familiær framhevar det at her er gode moglegheiter for friluftsliv, og at det ligg godt til rette for å kome seg rett ut i naturen frå der ein bur som mest positivt. Ein kan lett nå både fjelltoppar på 1400 meter og båtliv på fjorden om ein vil. Preparerte langrennsløyper like i nærleiken vert også framheva som positivt.

## **7.3 Kva synes familiene er mest problematisk med bygda dei bur i?**

### **7.3.1 Transport og kommunikasjon**

Transport og offentleg kommunikasjon vert framheva som problematisk både i samband med arbeidssituasjon og i sosiale samanhengar, dette gjeld særskilt for familiene på sørssida av fjorden. I samband med arbeid vert det framheva som problematisk når ferga ikkje går eller at vegna er stengt i periodar. Når det gjeld sosiale samanhengar og fritidstilbod vert det framheva at det er mange tilbod i Valldal dei kunne tenkje seg å nytte (Kraftsenteret, bading og trim på Muritunet) som vert begrensa av ferje-tilbod og lokaltransport for den som ikkje har bil. Manglande lokaltransport vert sett på som ei begrensing for menneske i forhold til sosial interaksjon mellom bygdene i kommunen.

### **7.3.2 Lokalsamfunn**

Ein familie utanfor kommunesenteret saknar ein kafeteria eller ein annan møteplass der dei kan gå ut og treffe folk og sitte og prate utan å måtte bli invitert.

Fleire av familiene på sørssida av fjorden opplever det som problematisk at ein har vedteke å slå saman skulane og barnehagane på sørssida. Familiene meiner at skule og barnehage er

vikting for å halde ungane i lokalsamfunnet. Det største ankepunktet er ikkje den fysiske avstanden mellom Norddal og Eidsdal, men at dei ikkje føler seg trygge når dei kører der. Det vert også framheva at sjølve debatten om skule- og barnehagestrukturendring har gjort livet surare og at dette også har skapt splid mellom bygdene på sørsida, dei som tidlegare stod saman. Familiene opplever dette som eit tilbakesteg og er redde for at dette skal prege bygdemiljøet framover. Dei føler at dei bur i bygda på tross av politikken som vert ført, ikkje på grunn av.

Det vert sagt at det kan vere problematisk at bygdene er små samfunn. Ønsket om å bu på ein liten plass har naturlege medfølgjande ulemper som mindre arbeidsmarknad, mindre/færre skular og begrensingar i utval av fritidsaktivitetar.

Det vert også framheva at det trafikksikkerheitsmessig er vanskeleg for born og unge å kome seg trygt fram og tilbake i bygda på grunn av manglande gang- og sykkelsti og gatebelysning. Familien føler seg utrygge når dei går eller syklar langs hovudvegen med ungane, og prøvar å unngå dette. Spesielt om sommaren når fjellovergangane over Trollstigen og Geiranger er opne kjenner dei seg utrygge som gåande og syklande.

### 7.3.3 Arbeidsmarknad

Mangel på arbeidsplassar vert også av ein familie framheva som problematisk. Eit par familiar framhevar at avstandane til jobb, skule og barnehage er problematisk. Ein familie fortel at etter at dei fekk anna arbeid med lengre reiseveg, skapte dette problem med å rekke å levere og hente i barnehagen. Dette skapte begrensingar for familien i kva type arbeid dei kunne ta på seg då dei måtte tilpasse arbeidet til henting og levering i barnehagen.

## 7.4 Stadskvalitetar som skaper trivsel og misstrivsel for familiene

Svara på kva familiene set mest pris på ved bygda dei bur handlar om stadskvalitetar ved *location* slik som landskap, bustad og friluftsliv men minst like mykje om kvalitetar ved det sosialelivet *sense of place* som opplevinga av det å bli integrert i lokalsamfunnet og tryggheita som ligg i nærleik til familien.

Problematiske faktorar som skapar misstrivsel er manglende kvalitetar ved *location* når det gjeld samferdsle og avgrensa tilgang på arbeid. Ein problematisk *sense of place*-dimensjon er opplevinga av misstrivsel knytt til at innflyttarfamiliane på sørsida av fjorden ikkje kjenner seg trygg når dei ferdast på vegane på grunn av frykta for ras, og opplevinga av misstrivsel knytt til at utviklinga av kommunesenteret går på bekostning av bygdene rundt.

Det er interessant at det er eintydige forskjellar i kvalitetar som vert sett pris på og opplevd som problematisk. Det som vert sett pris på handlar mykje om at bygdene vert opplevd som inkluderande og hyggelege – altså det dreier seg om kvaliteten på det sosiale livet og kulturelle forhold. Ein kan seie at det som særpregar den lokale, kollektive mentaliteten er at bygdefolket vert opplevd av innflyttarfamiliane som hyggelege, hjelpsame, omtenksame, opne, imøtekommende og positive. Dette kan vere ei av hovudårsakene til at innflyttarfamiliane har blitt verande.

Det som vert sett på som problematisk med stadssamfunna er stort sett av infrastrukturell karakter. Nokon saknar møteplassar, nokon saknar skule- og barnehagertilbod, nokon saknar vegtryggleik i forhold til rassikring og gang- og sykkelvegar og nokon peikar på at færre moglegheiter og mindre valfridom i arbeid og fritidsaktivitetar er eit sakn, men noko ein rett og slett må leve med når ein bur på ein liten stad. Norut Tromsø, rapport nr 6/2011 har ei hypotese om at kommunar og bedrifter som satsar på tilflytting- og rekrutteringsprosjekt som er retta mot å integrere mellom anna arbeidsinnvandrarar i arbeidsstyrken ser ut til å vise måloppnåing. Det at 7 av 11 familiar utan stadtilknyting har blitt buande viser at tilflytting- og rekrutteringsprosjektet Døropnarprosjektet kan ha hatt ei positiv effekt for at arbeidsinnvandrarar har blitt buande, både gjennom hjelp til jobbsøking og kontakt med potensielle arbeidsgjevarar samt tilbod om norskurs.

I det følgjande skal eg gå nærmare inn på ulike stadtvalitetar som kan knytast til eigenskapar ved staden som betyr noko for oppleveling og livsutfalding, og gå nærmare inn på kva som skaper trivsel og misstrivsel innanfor desse.

#### 7.4.1 Arbeidsmarknaden/tilgang på arbeid

Fleire av familiane opplever at lite tilgang på arbeid lokalt kan vere begrensande i forhold til framtidige moglegheiter. Alle dei vaksne i tilflyttarfamiliane er i arbeid per i dag eller ute i

fødselspermisjon. Ein familie seier at arbeid er hovudgrunnen til at ein kan busetje seg her eller ikkje. Det at minst ein av dei vaksne har arbeid i bygda, og at borna har tilgang på skule/barnehage i same bygd betyr mykje. Den andre kan pendle. I dei familiene der begge pendlar vert det sagt at fordelen er at ein kjem seg ut av bygda og ser nokon andre fjes. Ulempene med å pendle er at det vert dyrt, og at ting tek tid. Eit grunnleggande problem er at arbeidstidene ikkje passar med opningstidene i barnehagen. Det vert også eit logistikkproblem.

Dei fleste familiene fortel at dei har jobbar som dei likar og trivest med. Nokre av dei utanlandske arbeidsinnvandrarane har kompetanse frå heimlandet som dei ikkje får nytta her i Norge fordi dei ikkje snakkar godt nok norsk. Dei opplever ikkje dette som eit problem i dag, men meir som ei framtidig moglegheit. Språk er nøkkelen. Jobbane dei har i dag ser dei på som ei god moglegheit å få lære seg språk på, fram til dei kan språket så godt at dei kan få arbeid innanfor det dei er utdanna til.

Fleire av dei vaksne i innflyttarfamiliene driv som sjølvstendig næringsdrivande. Dei opplever god tilgang på oppdrag og eit godt marknadsgrunnlag for sine tenester/produkt. Ein av dei seier også at dersom han ynskjer anna arbeid så er der mange moglegheiter og han har fått mange tilbod. Ektefellene deira har alle jobbar innan spesialkompetente yrker, og fleire av desse pendlar regionalt og nasjonalt.

Ein av familiene foreslår at Norddal bør marknadsføre seg for folk som har ein fleksibel arbeidssituasjon, slik som til dømes nordsjøarbeidarar som er 14 dagar borte på jobb og ein månad fri heime. Bønder er attraktive i oljebransjen på grunn av allsidigheita si.

Ein familie framhevar at det er positivt at her er fleire typar arbeidsplassar og ikkje ei gedigen hjørnestinsbedrift. Familien meiner at bygdene i framtida vil vere avhengige av å få fleire gründarar som kan tenkje i andre baner enn dei tradisjonelle og det trengs fleire nisjebedrifter som skaper noko som kan omsetjast andre stader enn på heimstaden og til andre målgrupper enn fastbuande i kommunen. Det skaper optimisme når ein ser at folk tør å satse pengar på å bygge opp bedrifter her inne. Denne familien meiner difor at det må meir idémyldring til, og dei signaliserer vilje til å vere med å bygge samfunnet og bygge arbeidsplassar for fleire. Dei har lyst til å vere med å skape noko meir enn sin eigen arbeidsplass og eigne skatteinntekter.

#### **7.4.2 Fritidsaktivitetar- og tilbod i bygda, kommunen og regionen**

Fleire av familiane seier dei brukar fritidsaktivitetar lite. Grunnane er både familiesituasjon med småbarn under skulealder og arbeidssituasjon der fleire av dei vaksne jobbar mykje og gjerne til kvar sine tider og den andre vaksne er heime med ungen. Når borna blir større og ein kan delta på ulike frontar, så blir det sikkert meir aktuelt å delta på organiserte aktivitetar. Foreldra veit ikkje enno kva interesser ungane har, så det er vanskeleg å seie noko om kva dei vil delta på. Det er ei språkbarriere for dei utanlandske arbeidsinnvandrarane å delta på fritidsaktivitear. Nokre seier at dei har nok å delta på dersom dei vil, og at dei ikkje opplever det vanskeleg å finne informasjon.

Barnekor vert framheva som eit attraktivt tilbod, det same gjer kulturskolen i kommunen, og det vert etterlyst kulturskuletilbod også for barnehageborn. Det at barnehageborn vert inviterte i barnebursdagsselskap vert framheva som ein viktig aktivitet som er godt likt. Fotballtrening for både vaksne og born og skikafè for heile familien er fritidsaktivietar som skapar trivsel. Skikafè er bra fordi vaksne stiller opp for ungane og kjem i aktivitet saman med ungane. Tafjordbadet, bading og trening på Muritunet og bingo er godt likte fritidsaktivietar. Det vert sagt at det ikkje er noko problem å finne fritidsaktivitetar berre ein ynskjer det. Fleirbrukskalla er noko som burde kome på plass slik at ein kunne halde på med inne-aktivitetar uansett ver og føre. Bingoen til Tafjord Ungdomslag er eit positivt tiltak, det same er Ungdomslaget sitt tiltak med kaffi og vaffelsal på biblioteket i Tafjord. Det er ein fin møteplass. LAN er også positivt.

Nokre av arbeidsinnvandrarane seier dei saknar ein fri arena der dei ikkje treng å ha invitasjon eller å bli usikker på om dei kan komme utan invitasjon. Akebakken er en slik arena for ungar og kafeteria er det for vaksne. Dei vaksne kan ikkje gå på ski og føler at dei ikkje har noko i skiløypa å gjere når dei ikkje kan det. Det er fleire arenaer dei kjenner det på same måten på. Dei seier at tilbodet for ungane er viktigast og dersom barnet er villig så blir foreldra med ut.

Familiane som har stadttilknyting i kommunen framhevar at det skjer ikkje meir på små plassar enn ein skaper sjølv. Her er eit ok tilbod både for vaksne og ungar, men ikkje meir enn det som trengs. Til å vere så små bygder er her mykje ein kan vere med på. Utfordringa er å få til gode nok og store nok miljø, spesielt i forhold til ungane, det er viktig med samarbeid for å få til store nok miljø. Sett utanfrå så er her mykje konfliktar over fjorden. Samarbeid om

fritidsaktivitetar er difor utruleg viktig, det vil bli lettare då å få til ting på andre frontar. Vi er få her, og mengda og variasjonen på fritidsaktivitetar er avhengig av at ein sjølv er med og arrangerer det som skal arrangerast. Type aktivitetar kjem litt an på kva ungane har lyst til å finne på. Dersom det skal skje noko så er ein alltid involvert. Det er kjekt å kome i hop å gjere noko, men det kan vere ein bakdel at det stort sett kjem att på dei same personane og at ein kan kjenne på at fritida vert oppeten av plikter. Totalt sett er dette med deltaking og eige engasjement noko som skaper trivsel då ein er saman med positive, kjekke folk. Det vert framheva at det opplevast som lettare å få til ting på bygda enn i byen.

Nattferga Eidsdal-Linge vert framheva som svært positivt då det går an å reise ut av bygda også, ein føler at ein har fridomen. Skianlegga på Strandafjellet og Overøye vert framheva som positivt at er i nærleiken. Korte turar til nærliggande stader som Stryn, Ålesund, Alnes osv. er ei kjekk avkopling.

Tafjordskulen (lagd ned som skule) er ein ressurs som kunne vore brukt mykje meir i fritidsaktivitetssamanheng, både til fotballtreningar og anna, spesielt i forhold til at der er stort press på bruken av samfunnshuset i Valldal. Bakdelen er at det opplevast som vanskeleg for folk å reise inn til Tafjord. Det er positivt at bygdefolket har moglegheita til å bruke Tafjordskulen på eige initiativ.

Det er delte meininger om kor god informasjonen om fritidsaktivitetar er. Nokon saknar det og føler at dei veit lite medan andre seier at informasjonen om alt som skal skje er god gjennom plakatar, Storfjordnytt (lokalavis som kjem ut ein gong i veka) og kulturkalenderen på Norddal kommune sine heimesider.

Fleire av innflyttarfamilie på nordsida av fjorden seier at ein har forståing for frustrasjonen på sørssida av at alt skjer i kommunesenteret, men samstundes peikar dei på at folk klare å samarbeide om ting og ikkje bli paranoide. Samarbeid om aktivitetar kan gje eit totalt sett styrka og meir mangfaldig fritidstilbod for alle innbyggjarane. Det kan vere lettare å få til felles aktivitetar dersom ein får litt fleire å spele på.

Førstehjelpskurs og friviljug arbeid i Røde kors vert også framheva som ein fin måte å integrere seg og kjenne seg nytting på.

Biblioteket i Tafjord vert framheva som ein god møteplass der du kan slå av ein prat over ein kaffi og ei vaffel.

#### 7.4.3 Friluftsliv, natur og landskap

Alle innflyttarane seier dei trives godt her på grunn av naturen og moglegheitene den gjev oss for friluftsliv. Naturen vert karakterisert som fantastisk. Det at her er stille og roleg og store områder å boltre seg på vert sett pris på. Dei fleste innflyttarfamiliane ynskjer å organisere fritida si på eiga hand gjennom å gå på tur, fiske, ut på fjorden i båt, topptur med ski osv. Dei set pris på at ein i stor grad kan nytte seg av turmogleheter i naturen både på fjell- og skiturar. Ein innflyttarfamilie set pris på at her ikkje er laushundar. Det er eit rikt dyreliv som ein både høyrer og ser; hjort, rev og havørn er dømer på dette. Ein kan kople av med å rusle seg ein tur for å plukke blomar. Sykkeltur vert framheva som gode forhold for i Tafjord (utrueg nok, sidan det er ganske bratt oppover i dalen). Nokre seier dei brukar naturen mykje, andre har ikkje hatt tid til friluftsliv dei siste åra. Kaldhussetra og Tafjordfjella vert framheva som ein fin plass å besøkje. Trollstigen er unikt fordi du kan stå på ski der heile året.

Det vert sagt at dei som er herifrå eller har budd her lenge blir litt blinde, dei ser ikkje kor fint det er her. Ein av innflyttarane seier at han hadde ikkje flytta hit dersom han ikkje likte naturen, og at her er kjekkast på vinteren for då kan ein gå på ski opp på toppane og køyre ned att på eit kvarter. Dette er eit av dei flottaste områda i Norge, du har sjø, fjell og isbre like i nærleiken. Naturen har også mykje å by på for barnefamiliar, ein tur i skog og mark stimulerer nysgjerrigheita og gjer at ungane kjem seg vekk frå data og tv-sjåing. Ein unge huskar ikkje ei overnatting på hotell, men ta med ein unge på fjelltur og han huskar det heile livet.

#### 7.4.4 Husvere/bustadforhold

Dei fleste innflyttarfamiliane bur i leilegheiter/hus som dei karakteriserer som fine/gode og der dei opplever dei har nok plass inne. I bygdesentra i Valldal og Eidsdal kan det derimot vere eit problem at barnefamiliar ikkje har uteplass der dei kan sleppe ungen fri, dei må reise til leikeplass med ungen.

Nokre av familiene der den eine har stadtilknyting, bur i eller har overtatt hus som har vore i slekta, medan andre har bygd seg nytt hus. Det vert nemnt at det er ledige tomter i byggefelt, men at det har vore vanskeleg å få svar frå kommunen. Av arbeidsinnvandrarane er det framleis flest som leiger husvære, men ein av familiene har kjøpt seg hus og er godt nøgde med det.

Det vert trekt fram som ein trist tendens at fleire og fleire bustadhus vert brukt som sommarbustadar. Det kunne vore fleire fastbuande dersom det hadde vore hus tilgjengeleg. Eigarane av sommarbustadane burde i alle fall vere villege til å leige ut. Ulempa ved å eige hus er at det ikkje lønner seg å selje då fortenesta vil bli lita, ein blir litt låst. Ein familie seier at dersom dei skulle finne på å flytte er det viktig å leige ut huset til fastbuande. Fordelen med sommarbustader er at det er liv og røre på sommaren, men om vinteren er husa mørke og triste. Det vert sagt i den eine bygda at dei veit om familiarar som ikkje hadde tenkt å busette seg der i utgangspunktet, men som gjer det fordi der er billege bustader. Ikkje akkurat det ein har lyst til å høyre.

Ein av familiene seier at dei flytta hit på eit prøveår for å sjå korleis dei ville trivast. Etter eit halvt år hadde dei kjøpt tomt her. Dei kjem med råd om at det burde settast opp tomannsbustadar som ikkje kosta skjorta for dei som skal etablere seg. Elles vert det sett pris på at det er luft mellom husa, og at det går an å spele høg musikk utan å sjenere nokon. Nokre framhevar det også som eit pluss at det er godt tilrettelagt for framtidig utvikling med trekkerør til fiber.

For fleire av familiene var det sentralt at arbeidsgjevar var velvillig og behjelpeleg med å tilby bustad eller hjelpe med å finne bustad. Gjennom vanlege kanalar som internett og annonser var det umulig å finne noko. Det vert også framheva at det var viktig at lokalbefolkinga stilte opp.

#### 7.4.5 Naboskap

Det vert sagt av fleire at dei ikkje har mange nære nabobar, og at dei naboane dei har er folk som berre kjem dit på ferie. Ein familie som budde i ei av dei minste bygdene sakna fleire

naboar, og har flytta til ei større bygd. Dei trur at folk i bygda vert verande og bur der fordi dei har hus der.

Naboane vert skildra som greie, snille og hjelpsame, og det vert sagt at eit smil og ei lita samtale varmar og betyr mykje. Innflyttarane føler seg velkomne. Innflyttarane seier dei har god kontakt med naboane sine, nokre av dei seier at dei ikkje saknar meir kontakt, og at dei har god kontakt med folk i andre bygder også. Innflyttarane føler seg godt ivaretekne, og fleire legg vekt på at det ligg mykje hos dei sjølve også i det å vere open og kontaktsøkande for å trives. Ein kan ikkje sitje og vente på at naboane kjem på besøk, ein må ta aktiv kontakt sjølv. Nokre seier at dei sjølve ikkje tek initiativet til få meir kontakt, men at dei set pris på at andre tek kontakt med dei.

Bygdesamfunna vert skildra slik at nokon sterke personar i bygda har hatt mykje makt, men at folk kjenner kvarandre godt og legg ikkje så mykje vekt på kva slike personar seier. Eg tolkar det slik at dei hører kva den andre seier, men at dei har lært dei så godt å kjenne at dei silar bodskapen. Slike personar kan vere vanskelege å møte/tolke og verke skremmande dersom ein er ny og ikkje kjenner «konteksten». Det vert også nemnt at det lett kan bli gnisningar på grunn av gamle konfliktar som ikkje er løyst, og dragning hit og dit om rettigheiter, men at ein på generell basis likevel meiner naboskapen er. Det vert sagt at det er positivt at ein i små bygder får nærmere kontakt med fleire menneske. I støre samfunn/byar vert ein mindre involvert i nærmiljøet, ein treng ikkje å ha så stor omgangskrets og ein vert meir usynleg.

Fleire innflyttarar seier at dei har så mykje å gjere at det blir til at ein helsar på naboane ute på vegen, men at det ikkje blir til noko meir. Det vert arrangert grendefestar, men ikkje alle deltek. Det er mykje ein kunne ha gjort dersom nokon drog det i gang. Mange snakkar om det, men tek ikkje steget og gjer det. Skikafe på skistadion vert nemnt som ein arena der ein møter og pratar med naboar og bygdefolk. Både Eidsdal Idrettslag og Valldal Idrettslag arrangerer skikafear på klubhusa ved løypene på Løvollen i Eidsdal og på Omenås i Valldal.

I ei av bygdene vert det framheva at ein opplever forgubbing som eit trugsmål for trivselen. Bygda er prega av at dei fastbuande i større og større grad er eldre par der ungane har flytta ut. Dette verkar deprimerande og problematisk fordi ein opplever at ungdommen ikkje ynskjer å flytte attende.

#### **7.4.6 Kommunale tenester – spesielt skule og barnehage**

Barnehagertilbodet vert skildra som bra. Arbeidsinnvandrarane etterlyser varm mat og drikke for ungane. Nokre av dei seier også at dei føler at dei som utlendingar vert behandla annleis, at ikkje deira ungar får lov til det same som dei norske ungane. Dei nemner også at dei syns at gruppeinndelinga bør vere slik at både 3-, 4- og 5-åringar er i same gruppe for å ha nokon større å strekkje seg etter. Arbeidsinnvandrarane etterlyser også at barnehagen skulle hatt ein tilsett som kunne begge språk, elles kan framandspråklege ungar ha vanskelegare for å kome inn i det norske språket og integrere seg i gruppa, dei vert litt på sidelinja. Det å lære språket vil gjøre det enklare for borna å leike med andre born, ein burde hatt ein spesiell metode for oppfølging av framandspråklege born i barnehagen.

Skuletilbodet vert skildra som bra. I Tafjord er det forståing for at kommunen ikkje har økonomi til å drive skulen, men ein tykkjer det er synd at så flotte lokale står tomme. Muritunet har vore flinke å bruke lokala, og at rådhuset midlertidig plassert her har gjort at det er meir liv i bygda. Det er nesten nok at ein veit at skulen blir brukt til noko nyttig. Ein av familiane seier at små plassar ikkje er attraktive for familiar med ungdommar som skal på vidaregåande skule.

Døropnartenesta vert framheva som viktig av fleire innflyttarar. Arbeidsinnvandrarane seier det er viktig for dei å ha nokon dei kan kome til å få hjelp til både i samband med oversetting, jobbsøknad, informasjon om skule og barnehagertilbod. Det vert sagt at etter at det er dumt at det ikkje lengre går an å vende seg på servicetorget når det gjeld søknad om skattekort, dette gjer det vanskeleg for arbeidsinnvandrarar å busette seg på små plassar. Dei må ofte ta fri frå jobben for å ordne papirmølla, og det er ikkje så lett å skjøne og å finne fram i systemet. Det vert av ein av innflyttarane med slektstilknyting sagt at familien deltok på fleire «flytt hit» samlingar som vart arrangert av kommunen for 8 år sidan. Dei følte då at kommunen ynskte dei heim att, men dei følte ikkje det same i møte med servicetorget. Ein må ikkje berre ynskje folk hit, ein må ta godt vare på dei og få dei til å kjenne seg velkomne når dei kjem også!

Nokre meiner at kommunale tenester er skeivt fordelt i kommunen. Eit døme er at ein i Eidsdal og Norddal ikkje har kommunale vassverk, og må syte for dette sjølve. Det er utfordrande både ansvarsmessig og kompetansemessig. Det hadde vore betre om ein kunne brukt kommunen sin kompetanse på dette som likevel må kurse folk i dette. Skule- og

barnehagesamanslåinga i Eidsdal og Norddal vert også trekt fram som eit anna døme. Ein meiner at årsaka til skeivfordelinga er at ein låner så mykje pengar til utvikling i kommunesenteret at det går ut over velferda til innbyggjarane. Dei føler at dei ikkje blir høyrd av politikarane og at politikarane manglar innsikt og empati. Fleire seier at dei ikkje kjenner seg trygge på grunn av rasfaren i Norddalsstranda, og at dei ikkje vert forstått på dette. Slike faktorar meiner fleire innflyttarar gjer det surt å bli buande og går ut over trivselen og bulysta. Dei meiner at «fjorden har blitt djupare» som følgje av dette og at det i tillegg har skapt splid mellom to bygder som tidlegare sto saman. Fleire meiner at debatten rundt dette med kommunale investeringar som går ut over drifta kan ha negativ effekt for bulysta, og at tilliten til dei som styrer pengane vert svekka. Det kan kjennest frykteleg vanskeleg å kome seg vidare på grunn av fjorden som splittar bygdene, men kampen øydelegg for utvikling og det har vorte mykje unødvendig oppstyr.

Når deg gjeld byggjesøknader og renovasjon vert det framheva at det er tregt å få tilbakemelding, og at kommunen brukar unødvendig lang tid på å svare.

Nokre meiner at dersom ein har ein forretningsidé her inne så er det mykje lettare her enn i Ålesund fordi der er alt så stort. Samfunnet her inne er avhengig av å ha kreative folk som skaper innovasjon og tenkjer nytt. Det vert sagt at det er lett å få økonomisk drahjelp og få hjelp frå engasjerte folk i næringsutviklingssystemet her.

Gode helsetenester vert framheva som ei kjelde til trivsel. Ein kan få legetime same dag og god oppfølging.

#### **7.4.7 Kommunikasjon/infrastruktur/beliggenheit/bygd/fritidsmobilitet/fleirstadstilknyting**

Innflyttarane er klar over og aksepterer avstandane og at ein må leve med å planlegge slik at ein rekk ferga, men mange meiner at ferja ikkje går ofte nok. Nokre seier at ungdommen har bruk for fleire ferjeavgangar. Det vert også framheva som problematisk at ein ikkje tidlege fly frå Vigra dersom ein er avhengig av Eidsdal-Linge-ferga som ikkje har tidlege nok avgangar. Dette fører til at ein må overnatte i Ålesund dersom ein skal ta eit tidleg fly. Det er heller ikkje fleksibelt nok for folk i Eidsdal utan bil, og som er avhengig av å bruke ferje og buss for å kome på jobb. Det er ledige leilegheiter til leige i Eidsdal, men ferja blir eit motargument for å busette seg der. Det vert sagt av fleire at dei ynskjer seg 2-3 natt-avgangar med ferja, slik at

ein både har moglegheiter til å delta på til dømes konsertar og aktivitetar på Kulå og at ein veit at ein kjem seg heilt heim att dersom ein har vore på langtur og vegen mellom Geiranger og Langvatn vert stengt.

Fleire framhevar at sjølv om avstandane er større på bygda enn i byen, så er ikkje tidsbruken vår meir frå A til B større fordi bybuarane gjerne vert ståande fast i bilkø. Eit døme er ein av innflyttarane som seier at det tok 30 minutt å kome seg på jobb i byen, medan det tek 17 min. her, og at det aldri vil vere aktuelt å bu på ein plass der ein må sitje 45 min i kø for å kome fram. Det vert også sagt at ein er overraska over at bygdefolket ikkje ser dette, og er skuffa over at dei ikkje set nok pris på dei kvalitetane som er her. Nokre av innflyttarane fekk skeptiske kommentarar frå vene i byen om at dei skulle flytte ut i Huttiheta. Dei svara då tilbake at i byen sit ein like lenge i kø som å reise ein time herifrå til Moa (Ålesund).

Smale vegar vert av arbeidsinnvandrarar framheva som problematisk, i tillegg til vegforholda vinterstid. Ein mister ein del tid på vegen når ein pendlar til jobb.

Det vert framheva som problematisk at det kun er skulebussen 1 gong for dag som er tilbodet om offentleg transport i Tafjord. Dette er spesielt tungvint vinterstid. Fleire syklar den lange vegen, men mange er redd for tunellen. Fibertilknyting vert framheva som positivt med å bu i Tafjord.

Ordninga for ungdom der dei kvar fredag kan kome trygt heim for ein 50-lapp vert sett pris på og framheva som ei veldig flott ordning som dei brukar mykje og som dei håper held fram. Dette gjer at ungane delta på fritidsaktivitetar i dei andre bygdene.

Det vert framheva at gode internettssystem avhjelper behovet for å møte opp på eit kontor for å ordne ting, og då blir ikkje avstand eit problem.

#### 7.4.8 Organiserte kulturtild

Fleire av innflyttarane seier at dei nyttar seg lite av kulturtild. Grunnen er at dei brukar mykje tid til hus og born i staden. I tillegg til at dei ikkje har tid er det også nokre som seier at mangl på barnevakt som ein grunn til at dei ikkje nyttar seg av kulturtild. Nokre seier at

dei fekk informasjon om kulturtilbod gjennom døropnartenesta, men at dei ikkje har bruk tilboda så mykje.

17.mai-feiring vert av fleire framheva som noko fantastisk. I Tafjord er det moro med Fantetog med vandrepokal til beste kostyme. Tafjordmarknaden, Jordmormarsjen i Eidsdal og Olsokfeiring i Valldal er kjekke arrangement. Ein stiller opp med dugnadsinnsats for å kunne gjennomføre dei, men det er tiltak som aukar trivselen sjølv om det er mykje jobb når det stå på. Innflyttarane meiner at vi kan bli flinkare på små stader å feire Jonsok etc. Julemarknadar rundt omkring vert også framheva som positivt.

Nokre meiner her er lite kreativ nytenking på arrangement og festivalar, og at her skulle vore litt fleire arrangement, særleg på vår og haust. Det er mykje det same opp att og det vert sagt at ein saknar tida då det var festival i Djupøyna. Valldal Summer Games vert framheva som eit genialt konsept som får sett Valldalen på kartet. Når det først skjer noko og ein veit om det eit år i forkant bør ein ikkje klage på støy ei einsleg helg. Kommunen kan fri litt meir til nordsjøarbeidarar som kan ha slike prosjekt å styre med når dei er heime.

#### 7.4.9 Klima/veret

Korleis innflyttarane oppfattar klimaet og veret heng naturlegvis saman med korleis dei er vant til å ha det der dei kjem frå opphavleg. Nokon framhevar at dei likar at her ikkje er så varmt, men at det regnar litt for mykje. Andre framhevar at klimaet her er bra for borna deira. Nokre seier at her er litt for mykje regn og for lite sol og at ein blir litt deprimert av alt gråveret, og at veret verkar som eit minus.

Norddal vert framheva som solrikt om sommaren, det same med grendene øvst i Eidsdal. I Tafjord vert sur og kald vintervind framheva som negativt, medan varme somrar vert framheva som positivt. Fleire framhevar at det er stor forskjell på vinteren ved fjorden og framme i dalane, og dei som bur eit stykke frå fjorden framhevar glede ved ein kald og stabil vinter. Ein familie seier at det å kunne gå på toppskiturar og renne heilt ned att til fjorden eller heimatt til huset er ein kvalitet som vert sett svært høgt.

#### **7.4.10 Privat handel- og servicetilbod (bygd, region)**

Innflyttarane framhevar at vi har eit bra vareutval i butikkane takka vere turistane. Alt naudsynt ein treng til kvardags får ein på butikken i bygda. Alt anna ein treng finn ein i Ålesund eller på internett. Mange tek ein handletur til Ålesund også som ei utflykt som ein kan kombinere med opplevingar. Fleire familiarer ser det som positivt at ein har avstandar til forbruksmessige freistingar. Dei meiner dei er meir bevisst på kva dei brukar pengar på og kva dei treng, og at det ikkje vert kjøpt så mykje unyttige ting.

Det vert sett pris på dei lokale nærbutikkane, men nokre vel å handle på butikkane i kommunesenteret framfor lokalbutikken på grunn av større vareutval (spesielt vinterstid). Nærbutikkane for skryt for veldig god service. Større planlagde innkjøp reiser ein til Ålesund for, dersom det hastar reiser ein til kommunesenteret for å kjøpe den spesielle tingen ein treng.

På sørsida vert det framheva at ein manglar ein kafeteria i nærleiken. I Tafjorden set ein pris på å ha kiosk/kafetilbod på campingplassane og på Olagarden.

#### **7.4.11 Slektstilknyting – over landegrenser**

Innflyttarfamiliane som ikkje har familie i nærleiken saknar familien sin, men seier dei trives betre og betre etterkvart som tida går, sjølv om familiane er langt borte. Telefonkontakt er viktig for å oppretthalde kontakt med familien, og også Skype og andre internettsystem for bilde/lydoverføring vert mykje brukt. Fleire seier at gode flyforbindelsar frå Vigra medfører at dei ofte får besök av familien og reiser på besök til familien.

Dei som ikkje har familie i nærleiken kom til bygda på grunn av jobb i nærleiken. Dei familiane som har slektstilknyting har busett seg her på grunn av kombinasjonen med å vere nær familie og at ein av dei har arbeid i nærleiken. Største saknet for dei som ikkje har familie i nærleiken er at dei ikkje har nokon andre til å sjå etter borna. Dei som har slektstilknyting framhevar akkurat dette med å ha besteforeldre som kan sjå etter ungane som ein grunn til at dei har flytta hit. Ein kan også aue at slektstilknyting er eit argument for å få sin betre halvdel til å bli med på å flytte hit. Det viser seg at når dei først er komne og får prøve så trives dei så godt at dei ikkje kunne tenkje seg å flytte att.

Dei innflyttarane som ikkje har slektstilknyting seier at det har gått bra å skaffe seg vener og omgangskrets. Ein av dei seier at det har vore lettare her enn mange andre plassar.

Fleire framhevar at det var moglegheitsvinduet som oppsto med klaff på både arbeid og det å vere nær familie som gjorde utslaget til at dei flytta hit.

Ein familie nemner at slektstilknyting kan vere eit dilemma i forhold til forplikting til å ta over gard.

#### **7.4.12 Kva framtidsperspektiv har innflyttarfamiliane i forhold til det å bli buande? Honningkrukke, sommarstad, springbrett eller klister?**

Ein av arbeidsinnvandrar-familiane seier at dei mest sannsynleg kjem til å vende tilbake til heimlandet når borna skal byrje på skulen. Dei har hus i heimlandet, men dei ser det som meir problematisk å få seg arbeid der. Dei opnar likevel for å sjå korleis opphaldet i Norge utviklar seg, og tenkjer at barnet si helse er betre ivaretatt i Norge. Dei seier at dersom dei hadde hatt einebustad med hage her, så kunne dei tenkje seg å vere her på lengre sikt, kanskje til og med bli buande her permanent. Dei føler språket er ei barriere for dei.

Ein annan arbeidsinnvandrar familie seier at dei tenkjer å vere her 3-4 år til, og at dei kjem til å bestemme seg for om dei blir verande når borna skal byrje på skulen. Då vert det kanskje aktuelt å kjøpe bustad. Det viktigaste for dei er at borna trives her, knyter kontaktar og deltek i normale fellesskap med andre ungar.

Ein tredje arbeidsinnvandarfamilie seier at blilyst er avhengig av om dei har jobb og at ungane trives på skulen/i barnehagen og at dei har leikekameratar. Dei tenkjer at dei blir verande her minst 5 år til, og helst lengre også dersom det går.

Den fjerde arbeidsinnvandarfamilien seier at dei har kjøpt hus her fordi dei trives og at dei ikkje har nokon planar om å flytte. Dei ser framtida her, og seier dei heller kan pendle til jobb dersom det blir aktuelt. Dei tenkjer å bli her for resten av livet.

Ein av familiene med slektstilknyting seier at huset dei har står her uansett, og at så lenge det er eit godt skuletilbod, at ungane trivs og at den andre vaksne har arbeid så kjem dei til å bli verande. Dei har framleis hus tilgjengeleg på staden dei flytte frå. Så lenge dei trives og det gjev livskvalitet det som er her så blir dei verande. Det er viktig at det er eit godt miljø mellom bygdene, dersom det endrar seg kan det gå ut over trivselen. Det er viktig for trivselen at gardar og småbruk er i drift og at dyra beiter kulturlandskapet slik at ikkje landskapet som ein likar så godt ikkje skal gro att. Det blir ikkje det same dersom alt vert nedlagd.

Gardbrukarar føler seg nok meir bundne fordi dei kjenner eit stort ansvar. Det er viktig for trivselen at ein klarar å samarbeide godt i bygda og bygdene mellom og å unne naboen og kvarandre alt godt.

Ein anna familie med slektstilknyting ser kun moglegheiter vidare og kjenner seg ikkje låst. Dei har satsa 100% på det å kome hit som sitt livsprosjekt.

Ei tredje familie med slektstilknyting fortel at dei opplever litt klisterkjensle fordi dei er låst i forhold til at dei får lite pengar att for å selje huset, samstundes litt springbrettkjensle i samband med moglegheita for å leige ut bustaden dersom det skulle vere ei moglegheit. Dei er ikkje bekymra for jobbmoglegheiter i nærleiken.

Den fjerde familien med slektstilknyting seier at dei ser heller mogleheitene enn problema. Dei ser på det som ei gavé å ha moglegheita å bu i denne naturen å samstundes få det til å gå det rundt med jobb og huslån. Dei trur at mange sikkert har lyst til å bu slik som oss men at dei trur ikkje at det går an på grunn av lite jobbmoglegheiter. Dei framhevar at integrering krev at du sjølv er omgjengeleg og kontaktsøkande, dei opplever bygdefolkt som inkluderande. Dei seier at ein må gjere noko utav det sjølv for å kunne trivest her. Dersom ein kun har tid til familie og ikkje får tid til å treffe andre kan ein lett bli litt kvælt. Dei klarar seg fint utan tv, og kan ikkje huske sist ein kjeda seg.

## 7.5 Familiene som flytta

Av dei 7 familiene som har flytta att er det tre familiar der den eine av dei vaksne har stadtilknyting og fire familiar der den eine eller begge dei vaksne er arbeidsinnvandrarar frå utlandet. Ein av familiene som arbeidsinnvandra har flytta heim att til heimlandet. Dei andre

tre familiane har flytta vidare til mindre tettstader på austlandsområdet og til Trøndelag. Familiane der ein av dei vaksne har stadtilknyting har enten flytt ut til ein by i Møre og Romsdal, til ein mindre tettstad på austlandet eller flytta utanlands.

Eg fekk telefonintervjua to av familiane der den eine har stadstilknyting. Begge familiane fortel at dei hadde eit kort opphold i kommunen, og at dei allereie hadde planlagd å flytte vidare. Dei seier også at det er jobbmogleger for den eine vaksne som ikkje er mogleg å oppdrive i regionen, og at dette er hovudargumentet for at dei flytta vidare. Gjennom Dørropnarprosjektet har eg kjennskap til at tre av dei familiane som eg ikkje lukkast å få telefonintervju med også flytta vidare grunna manglende arbeidsmogleger.

Dei familiane som eg fekk telefonintervjua seier begge at dei set mest pris på det landlege, det at ungane kan gå rett ut å leike, at det er trygt og godt. Det var også viktig at dei var nær besteforeldre.

Det mest problematiske var sagt å vere å ha lang veg til å handle det ein treng utanom matvarer, samt jobbmogleger for den eine vaksne.

Den eine familien seier at det ikkje vert aktuelt å flytte tilbake då dei trives i by, og at dei også har nær familie som bur der. Den andre familien seier at framtida er heilt open og at ingen veit kva som kan skje.

Då eg ikkje har fått intervjeta meir enn 2 av 7 familiar som har flytta att har eg ikkje grunnlag for å seie noko om push-faktorar i lys av Nyseth og Aarsæther (2002) sine fire karakteristikkar av lokalsamfunn. Gjennom dei to telefonintervjua eg har hatt, samt kjennskap til tre av dei andre familiane gjennom Dørropnarprosjektet er det ikkje grunn til å tru at familiane har flytta att fordi dei ikkje kjende seg godt mottatt i bygda. Det ser heller ut som *mangel på arbeid* har vore hovudgrunnen til at dei flytta.

## **8. Konklusjon**

I dette siste kapittelet vil eg først gjere ei oppsummering av hovudfunna i oppgåva. Deretter vil eg samanfatte og presentere hovudfunna ut frå problemstillinga og forskingsspørsmåla eg formulerte. Hovudfokuset vil naturlegvis ligge på dei familiene som har vald å bli verande, då eg har mesteparten av det empiriske materialet frå intervju med desse, men eg vil også seie litt om kvifor nokre familiar har flytta.

I innleiinga har eg sagt at eg med denne oppgåva vil skaffe kunnskap om i kva grad stadkvalitetar har betydning for barnefamiliar som har vald å flytte til Norddal.

Hovudproblemstillinga dreidde seg om å finne ut i kva grad stadkvalitetar har betydning for innflyttarfamiliar sine val om å busetje seg i bygdene i Norddal kommune, og kva slags typar stadkvalitetar som kan vere viktige. Dette kapittelet vil gje ei oppsummering på kva studien min viser, kva konklusjonar som kan trekkjast og kva teoretiske implikasjonar resultata frå undersøkinga mi får for det teoretiske rammeverket eg har nytta meg av. Til slutt vil eg kommentere begrensningane i oppgåva samt presentere nokon implikasjonar for framtida.

### **8.1 Oppsummering av funn**

#### **8.1.1 Stadtilknyting har mindre betydning for å bli buande**

Eg har funne i mi studie at det ikkje er eintydig at stadstilknyting og tilhøyrigheit har stor betydning for at familiar vert buande. Av 26 familiar som flytta til Norddal kommune i perioden undersøkinga gjeld har 7 flytta att. 3 av desse har stadstilknyting og 4 av dei har ikkje.

#### **8.1.2 Kvalitetar ved landskap, lokalsamfunn (å bli tatt godt imot), bustad, familieliv og friluftsliv skaper trivsel.**

Svara på kva familiene set mest pris på ved bygda dei bur i handlar om stadkvalitetar ved *location* slik som landskap, bustad og friluftsliv, men minst like mykje om kvalitetar ved det sosiale livet (*locale*), - og *sense of place* som opplevinga av ein stad der ein blir integrert i lokalsamfunnet og tryggleiken som ligg i å kunne ha nærleik til familien i det daglege.

Landskapet med dei djupaste fjordane og dei høgste fjella byr på kvalitetar som stillheit og ro. Det at folketettleiken er liten forsterkar opplevinga av omgjevnadane som stille og roleg og er med på å forsterke opplevinga av den dramatiske naturen. Naturen byr også på flotte moglegheiter for friluftsliv, mange kan starte skituren eller fjellturen rett utanfor inngangsdøra.

Eit viktig funn i min studie er at dei alle innflyttarfamiliane kjende seg velkomen av både naboor, bygdesamfunn og kommunen, og at det var lett å bli kjent med folk og bli integrerte i aktivitetar. Eg er overraska over akkurat dette, fordi eg hadde trudd at fleire skulle gje uttrykk for at bygdefolket hadde nok med seg sjølv, og at det var vanskeleg å få kontakt i starten.

### **8.1.3 Manglande kvalitetar ved transport/kommunikasjon, lokalsamfunn (møteplassar, begrensa skule/barnehagertilbod) og arbeidsmarknad skaper misstrivsel.**

Problematiske faktorar som skaper misstrivsel er manglande kvalitetar ved *location* når det gjeld samferdsle og avgrensa tilgang på arbeid, men det også ein problematisk *sense of place* dimensjon i opplevinga av misstrivsel knytt til at ein på sørssida av fjorden kjenner seg nedprioriterte og utrygge (større rasfare) og at utviklinga av kommunesenteret går på bekostning av bygdene rundt.

Det som vert sett på som problematisk med stadsamfunna er stort sett av infrastrukturell karakter. Nokon saknar møteplassar, nokon saknar skule- og barnehagertilbod, nokon saknar vegtryggingstiltak og nokon peikar på færre moglegheiter og mindre valfridom i arbeid og fritidsaktivitetar.

### **8.1.4 Tilgang på arbeid lokalt for ein av dei vaksne er viktig for framtidige moglegheiter**

Fleire av familiane opplever at lite tilgang på arbeid lokalt kan vere begrensande i forhold til framtidige moglegheiter. Alle dei vaksne i tilflyttarfamiliane er i arbeid per i dag eller ute i fødselspermisjon. Det er viktig at minst ein av dei vaksne har arbeid lokalt. Dei fleste familiane har jobbar som dei likar og trives med. Fleire har starta eigne bedrifter og opplever god tilgang på oppdrag og eit godt marknadsgrunnlag for sine tenester/produkt. Fleire pendlar ut av kommunen, til dels langt ut av kommunen også.

### **8.1.5 Fritidsaktivitetar vert lite brukt av familiar med born under skulealder og det skjer ikkje meir enn det ein skaper sjølv**

Fleire av familiene seier dei brukar fritidsaktivitetar lite fordi dei er i ein familiesituasjon med småborn under skulealder. Nokre har også ein arbeidssituasjon der dei vaksne jobbar til kvar sine tider og at den andre vaksne er heime med ungen. Det er også ei språkbarriere for dei utanlandske arbeidsinnvandrarane når det gjeld å delta på fritidsaktivitetar.

Familiene som har stadtilknyting i kommunen framhevar at det skjer ikkje meir på små plassar enn ein skaper sjølv. Dei meiner at her er eit ok fritidstilbod for både vaksne og ungar, og at her er mykje ein kan vere med på sjølv om bygdene er små. Utfordringa er å få til gode nok og store nok miljø, spesielt for ungane, og det er viktig med samarbeid mellom bygdene og også over fjorden for å få til dette.

Dersom det skal skje noko så blir ein alltid involvert. Det er ein bakdel at oppgåvene stort sett kjem att på dei same personane og at ein kan kjenne på at fritida vert oppeten av plikter, men totalt sett er dette med deltaking og eige engasjement noko som skaper trivsel då ein er saman med positive, kjekke folk. Ein opplever at det er lettare å få til ting på bygda enn i byen.

### **8.1.6 Naturen og mogleheitene den gjev oss for friluftsliv skaper trivsel og dei fleste innflyttarfamiliane ynskjer å organisere fritida si på eiga hand**

Alle innflyttarane seier dei trives her på grunn av naturen og mogleheitene den gjev dei for friluftsliv. Nokre seier dei brukar naturen mykje, men også her er det slik at fleire familiarer ikkje har hatt tid til så mykje friluftsliv dei siste åra. Grunnar til dette er nok det at ein er i ei etableringsfase med små barn og at tida ikkje strekk til utanom jobb.

Det vert sagt at dei som er herifrå eller har budd her lenge er blitt «blinde» og ikkje ser kor fint det er her. Ein av innflyttarane seier at han ikkje hadde flytta hit dersom han ikkje likte naturen, og at området er eit av dei flottaste i Norge. Du har sjø, fjell og isbrear like i nærleiken.

### **8.1.7 Trist at fleire og fleire bustadhus vert brukt som sommarbustadar. Det kunne vore fleire fastbuande dersom det hadde vore hus tilgjengeleg.**

Ingen av innflyttarfamiliane seier at det har vore vanskeleg å få tak i bustad, men fleire trekkjer likevel fram som ein trist tendens at det som tidlegare var bustadhus no vert brukt

som sommarbustadar. Fordelen med sommarbustadar er at det er liv og røre på sommaren, men om vinteren er husa mørke og triste og mange har ikkje naboar i vinterhalvåret.

### **8.1.8 Greie, snille og hjelsame naboar – dersom du har naboar...**

Naboane vert skildra som greie, snille og hjelsame. Innflyttarane føler seg velkomne og seier dei har god kontakt med naboane sine. Nokre seier at dei ikkje saknar meir kontakt med naboen og at dei har god kontakt med folk i andre bygder også.

Fleire seier at dei ikkje har mange nære naboar, og at naboane dei har er folk som berre kjem dit på ferie. Ein familie har flytta vidare til ei av dei større bygdene i kommunen på grunn av at dei sakna fleire naboar.

Fleire legg vekt på at det å få god kontakt med naboane også kjem mykje an på kor open og kontaktsøkande ein sjølv er. Ein kan ikkje sitje å vente på at naboane kjem på besøk, ein må ta aktiv kontakt sjølv.

Bygdesamfunna kan ha sterke personar med mykje makt som kan kome med uttaler og påstandar som kan verke skremmande for ein nytiflyttar som ikkje kjenner konteksten. Det kan også lett bli gnisningar på grunn av gamle konfliktar som ikkje er løyst, men innflyttarane meiner likevel meiner naboskapen er god. Ettersom ein lærer bygdefolket å kjenne verkar det som at innflyttarane lærer å sile bodskapen og ikkje let seg skremme.

### **8.1.9 Kommunale tenester som grunnlag for trivsel og misstrivsel**

Barnehagetilbodet er bra, men framandspråklege ungar har vanskeleg for å integrere seg. Arbeidsinnvandrarane etterlyser at barnehagen skulle hatt ein tilsett som kunne begge språk, elles kan framandspråklege ungar ha vanskeleg for å kome inn i det norske språket og integrere seg i gruppa. Ein burde hatt ein spesiell metode for oppfølging av framandspråklege born i barnehagen.

Dørropnartenesta vert framheva som viktig av fleire innflyttarar– spesielt av arbeidsinnvandrarane. Dei seier det er viktig for dei å ha nokon dei kan kome til å få hjelp både i samband med oversetting, jobbsøknad og informasjon om skule- og barnehagetilbod.

Nokre meiner at kommunale tenester er skeivt fordelt i kommunen, til dømes når det gjeld tilbodet om kommunale vassverk og når det gjeld skule- og barnehagetilbod på sørsida. Fleire på sørsida av fjorden føler at dei ikkje blir høyrd eller forstått av politikarane. Dei meiner at

ei årsak til skeivfordelinga er at ein låner så mykje pengar til utvikling i kommunesenteret at det går ut over velferda til innbyggjarane på sørsida. Slike faktorar meiner fleire av innflyttarane på sørsida at gjer det surt å bli buande og at det går ut over trivselen og bulysta.

Ein innflyttarfamilie opplever at ein får god hjelp frå kommunen dersom ein ynskjer å starte bedrift, både i forhold til økonomisk drahjelp og i form av engasjerte rådgjevarar ved hoppid.no- og næringskontoret.

#### **8.1.10 Avstand er ikkje eit problem, men frekvens på ferje er problematisk**

Innflyttarane er klar over og aksepterer avstandane og at ein må leve med å planlegge slik at ein rekk ferja. Sjølv om avstandane er større på bygda enn i byen, så er ikkje tidsbruken meir frå A til B fordi bybuarane gjerne vert ståande fast i bilkø. Det er imidlertid problematisk at ferja ikkje går ofte nok.

#### **8.1.11 Kulturtildob vert lite brukt - saknar Jonsokfeiring og kreativ nytenking på arrangement og festivalar**

Fleire av innflyttarfamiliane seier dei nyttar seg lite av kulturtildob fordi dei brukar mykje tid til hus og born i staden. Dei lokale festivalane som Tafjordmarknaden, Jordmormarsjen og Olsokfeiring vert framheva som kjekke arrangement. Alle er basert på dugnad.

Innflyttarfamiliane med stadtilknyting framhevar alle dugnad som ein føresetnad for at det skal «skje noko». Berre ein av arbeidsinnvandrarfamiliane framhevar det same. Nokre meiner at det er lite kreativ nytenking på arrangement og festivalar og at her skulle vore fleire kulturarrangement, særleg på vår og haust.

#### **8.1.12 Avstand til forbruksmessige freistungar er positivt**

Innflyttarane framhevar at vi har godt vareutval i daglegvarebutikkane våre takka vere sommarturistane. Det naudsynte ein treng til kvardags får ein på butikken i bygda, alt anna ein treng finn ein i Ålesund eller på internett. Fleire familiar framhevar overraskande nok at det er ein positiv ting at ein har avstandar til forbruksmessige freistungar. Dei meiner dei er meir bevisste på kva dei brukar pengar på og kva dei treng, og at det ikkje vert kjøpt så mykje unyttige ting.

### **8.1.13 Skype og gode flyforbindelsar kompenserer for slektstilknyting. Slektstilknyting som vellukka flyttemotiv.**

Innflyttarfamiliar som ikkje har familie i nærleiken nytta mykje telefonkontakt, Skype og andre internettssystem for bilde/lydoverføring for å halde kontakta med familien. Dei saknar familien sin, men seier dei trives betre og betre her etter kvart som tida går. Fleire seier at gode flyforbindelsar frå Vigra medfører at dei ofte får besøk av familien og reiser på besøk til familien.

Eg kan ut frå intervjuaterialet ane at slektstilknyting er eit argument for å få sin betre halvdel med på å flytte hit. Det viser seg at når dei først er komne og får prøve så trives dei så godt at dei ikkje kunne tenkje seg å flytte att.

### **8.1.14 Langsiktig framtidsperspektiv – viktig at ungane trives**

Av arbeidsinnvandrarfamiliane har tre familiar eit perspektiv på å bli verande 3-5 år til. Ein av familiene har kjøpt seg hus og bestemt seg for å bli her for resten av livet. To av familiene som perspektiv på å bu her 3-5 år til seier at dei kjem til å vurdere om dei skal bli verande når borna skal ta til på skulen. Den tredje familien seier at framtidsperspektivet er avhengig av om dei har jobb og at ungane trives på skulen og at dei har leikekameratar. Alle tre familiene vil helst bli her lengre enn 5 år, det viktigaste for dei er at borna trives, knyter kontaktar og deltek i normale fellesskap med andre ungar.

### **8.1.15 Mangel på arbeid er hovudgrunnen til at familiar har flytta**

Hovudgrunnen til at 7 av 21 familiar har flytta att er at der ikkje er jobbmogleger for den eine vaksne i regionen.

## **8.2 Konklusjon**

Studien min viser at stadtvalitetar har stor betydning for dei som har vald å busetje seg i bygdene i Norddal og at stadtstilknyting har mindre betydning for å bli buande. Stadkvalitetar som er viktige er lokale mogleger for arbeid for den eine av dei vaksne i familien, naturen i form av ro og stillheit og moglegitene den gjev for friluftsliv, at staden vert opplevd som inkluderande og hyggeleg og at ein får handla det ein treng til kvardags. Kvaliteten på det sosiale livet, spesielt det at ungane skal trivast er det mest avgjerande for familiene i forhold

til det å bli buande. Dette er viktigare enn andre grunnleggjande faktorar for busetting som tilfredstillande arbeids- og bustadforhod.

Innflyttarane til bygdene i Norddal kommune set mest pris på kvalitetar ved landskapet, ved det å verte godt mottatt i lokalsamfunnet, ved det å bu godt, ha gode moglegheiter for friluftsliv og for dei med stadtilknyting å ha nærleik til familien.

Manglande kvalitetar ved kommunikasjon (spesielt når det gjeld ferjefrekvens), mangel på møteplassar, begrensa skule og barnehagertilbod og avgrensa tilgang på arbeid er problematiske faktorar som skaper misstrivsel.

Studien viser at innflyttarane opplever dei ulike bygdesamfunna i Norddal kommune ganske likt. Dei trives like bra i alle.

Innflyttarane sin nasjonale bakgrunn har betydning for korleis familiene ser på det å bli buande i eit langsiktig perspektiv på meir enn 5 år. For dei utanlandske arbeidsinnvandrarane vil det vere heilt avgjerande at ungane trives og finn seg leikekameratar. Dersom dette går bra vil dei vurdere å bli verande også etter at ungane skal ta til i skulen.

Kontakta med Døropnarprosjektet kan vore ein positiv medverkande faktor for at familiar har vald å bli buande. Spesielt gjeld dette arbeidsinnvandrarane som seier at det har vore viktig for dei å ha nokon dei kan kome til å få hjelp i samband med oversetting, jobbsøknader og informasjon om lokalsamfunna.

Eg har ikkje funne noko i min studie som tyder på at dei tilflyttarane som har flytta att har opplevd noko ved staden/miljøet som gjer at dei opplever seg som støytt. Mangel på arbeid (mange av dei har spesialkompetanse som der ikkje fins jobbar for i vår region) har vore fellesnemnaren for dei som har flytta ut att.

Når eg no har gjennomført studien, har eg stilt meg sjølv spørsmålet om er det noko ved det metodiske og ved designet eg ville ha endra på om eg skulle gjere det på nytt. Eg meiner sjølv at eg har treft ganske bra med både det metodiske og forskingsdesignet i forhold til å få svar på problemstillinga. Det er ei svakheit at eg ikkje fekk tak i fleire enn 2 av 7 utflytta familiar for telefonintervju. Når det er sagt så har eg gjennom Døropnarprosjektet kjennskap til desse

familiane og veit hovudgrunnane til kvifor dei flytta att. Eg har difor vald å nytte denne kunnskapen som empirisk grunnlag for analysen.

Ut frå stadteorien til Agnew (1987) hadde eg i utgangspunktet sett for meg at eg primært ville studere problemstillinga ut frå perspektivet *sense of place* og folk sine opplevingar av stad, men samstundes sjå variasjon i opplevingar av stad i samanheng med sosiale (*locale*) og strukturelle (*location*) faktorar. Svara eg fekk tyder på at *location* betyr ein del for innflyttarfamiliane sine val om å bli buande, slik som kvalitetar ved landskap og natur, men mest meiner eg å sjå betydninga av *locale* - at innflyttarfamiliane sine opplevingar av å bli godt tatt imot og ynskt velkomne er det som er avgjerande for at dei har vald å bli buande.

Når det gjeld Nyseth/Aarsæther-modellen vil eg seie at alle dei fem Norddalsbygdene utgjer nokså *allsidige* lokalsamfunn og framtrer som nokså like. Ingen av dei har trekk av *fragmentering* eller djupe konfliktliner (*segmentering*). Ein kunne kanskje sagt at dei også framtrer som *kommunitære* med vellukka innflyttartilpassing til rådande normer, men dette meiner eg ikkje er dekkjande fordi eg ikkje kan finne noko som tyder på at innflyttarfamiliar med framand kulturbakgrunn opplever seg utstøytte.

I følgje NIBR-notat *Bolyst og stedsattraktivitet – motiver for å flytte og bo i distrikten* så har tilhøyrigheit og stadidentitet stor betydning for å bli buande. Eg har funne i mi studie at det ikkje er eintydig at stadstilknyting og tilhøyrigheit har stor betydning for at familiar vert buande. Dette kan bety at kommunen, det lokale næringslivet og innbyggjarane er gode på å skape stadtilhøyrigheit hjå tilflytta arbeidsinnvandrarar og at arbeidsinnvandrarane opplever at dei vert anerkjente og inkluderte på individnivå.

### 8.3 Implikasjonar for framtida

Ein hovudmotivasjon for å skrive denne masteroppgåva var at den kan vere eit kunnskapsgrunnlag for korleis ein frå kommunen si side skal satse vidare i forhold til å tiltrekke seg og ta imot innflyttarar – både når det gjeld betydninga av å satse på omdømmebygging eller andre former for bulystsatsing.

Det viser seg at dei fleste familiane som vel å flytte hit faktisk blir buande fordi dei trives. Dette viser at kommunen kan satse på omdømmebygging for å tiltrekke seg innflyttarar.

Kvalitetar ved bygdene våre som innflyttarfamiliane set pris på er godt dokumentert i denne oppgåva. Dette kan nyttast som grunnlag inn i stadkvalitetsanalysa som kommunen skal gjere i samband med arbeidet sitt med ny omdømmestrategi.

Det viser seg at alle bygdene i Norddal kommune er flinke til å ynskje innflyttarar velkomne og bidra til at dei trives. Dette er ein god kvalitet ved bygdesamfunna våre som vi må forsterke vidare. Det er mykje av kjernen til at innflyttarfamiliar vel å bli buande!

## Litteraturliste

### Bøker:

Castles, Stephen og Miller, Mark J. 2009: *The Age of Migration. International population movements in the modern world.* Basingstoke: Palgrave Macmillan.

Furseth, Astor 2009: *Dommedagsfjellet. Tafjordulykka 75 år etter.* Oslo: Det Norske Samlaget.

Giddens, Anthony 1984: *The Constitution of Society.* Cambridge: Polity Press.

Johannesen, Asbjørn og Tufte, Per Arne m.fl 2010: *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode.* Oslo: Abstrakt forlag.

Kvale, Steinar og Brinkmann, Svend 2009: *Det kvalitative forskningsintervju.* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

McDonald, Jason J. 2007: *American Ethnic history. Themes and perspectives.* New Jersey: Rutgers University Press.

Munkejord, Mai Camilla 2011: *Hjemme i Nord Om bolyst og hverdagsliv blant innflyttere i Finnmark* Stamsund: Orkana Akademisk.

Nyseth, Toril og Aarsæther, Nils 2002: *Nærdemokrati – teori og praksis* Oslo: Det Norske Samlaget. Kap 2.

Repstad, Pål 2004: "Fra nærlhet til distanse og tilbake igjen – om å analysere sin egen organisasjon" i P. Repstad (red.): *Dugnadsånd og forsvarsverker: tverretatlig samarbeid i teori og praksis.* 2. Utgave. Universitetsforlaget. Kap 8, s 234-253.

Aase, Tor Halfdan og Fossåskaret, Erik 2007: *Skapte virkeligheter Om produksjon og tolkning av kvalitative data* Oslo: Universitetsforlaget.

### Rapportar/artiklar:

Agnew, John 1987: *Place and politics: the Geographical Meditation of State and Society.* London: Allen&Unwin.

HIF-rapport 2005:6: *Det gode liv i Deatnu/Tana En undersøkelse om Tanaværingers tanker om Tana som bosted og om Tanas omdømme.* Mai Camilla Munkejord.

NIBR-notat 2009/111: *Bolyst og stedsattraktivitet – motiver for å flytte og bo i distriktene.* Kjetil Sørlie.

NIBR-rapport 2012-5 *Derfor blir vi her - innvandrere i Distrikts-Norge*

Norddal kommune: *Kommuneplanen sin samfunnsdel 2007-2018:*

<http://www.norddal.kommune.no/filnedlasting.aspx?FilId=123&ct=.pdf>

Norut Tromsø, rapport nr 6/2011: *Med håp og engasjement En kunnskapsstatus om utfordringer og strategier i rekruttering av arbeidskraft til distriktskommuner*

Prosjektplan Døropnarprosjekt 2009-2012. Fjordhagen AS

Rapport Busettingsprosjekt. Fjordhagen AS 2007.

Rapport fra Utval for busetting, rekruttering og kompetanse. Norddal kommune 2008.

<https://www.norddal.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=473&FilId=1131>

### **Internettkjelder:**

Statistisk sentralbyrå 2012: Tabell 1 berekna folkemengd 1.januar 2012 og berekna folkevekst i 2011. fylke og kommunar. <http://www.ssb.no/emner/02/01/10/folkber/tab-2011-12-15-01.html>

Statistisk sentralbyrå 2012: Befolkningsstatistikk. Befolkningsendringer i kommunene. 1951-2011. <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrhist/tabeller/tab/1524.html>

Statistisk sentralbyrå 2012: Tabell 08825. Framskrevet folkemengde etter kjønn og alder. [http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default\\_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&t\\_ilside=selectable/hovedtabellHjem.asp&KortnavnWeb=folkfram](http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&t_ilside=selectable/hovedtabellHjem.asp&KortnavnWeb=folkfram)

Statistisk sentralbyrå 2008: Bo- og flyttemotivundersøkelsen.

[http://www.ssb.no/magasinet/slik\\_lever\\_vi/art-2008-12-18-01.html](http://www.ssb.no/magasinet/slik_lever_vi/art-2008-12-18-01.html)

Møre og Romsdal fylkeskommune: Kommunestatistikk.1524 Norddal.

<http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Kommunestatistikk>

## Vedlegg 1 side 1

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS  
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Nils Aarsæther  
Institutt for sosiologi, statsvitenskap og samfunnsplanlegging  
Universitetet i Tromsø  
9037 TROMSØ

Harald Hårfagres gate 29  
N-5007 Bergen  
Norway  
Tel: +47-55 58 21 17  
Fax: +47-55 58 96 50  
nsd@nsd.uib.no  
www.nsd.uib.no  
Org nr. 985 321 884

Vår dato: 20.07.2012

Vår ref:30993 / 3 / LT

Deres dato:

Deres ref:

### TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 03.07.2012. Meldingen gjelder prosjektet:

30993                    *Stedskvalitetar som har betydning for innflyttarar til Norddal kommune*  
Behandlingsansvarlig    *Universitetet i Tromsø, ved institusjonens øverste leder*  
Daglig ansvarlig        *Nils Aarsæther*  
Student                  *Terese S. Jemtegård Moen*

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningsene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, [http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk\\_stud/skjema.html](http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html). Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database,  
<http://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektoversikt.jsp>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 31.12.2012, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen  
A handwritten signature in black ink, appearing to read "Bjørn Henrichsen".  
for A handwritten signature in black ink, appearing to read "Lis Tenold".

Lis Tenold tlf. 55 58 33 77  
Vedlegg: Prosjektvurdering  
Kopi: Terese S. Jemtegård Moen, Omenåsåsen, 6210 VALLDAL

Avdelingskontorer / District Offices:

OSLO: NSD, Universitet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11. nsd@uiu.no  
TRONDHEIM: NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47-73 59 19 07. kyrre.svarva@svt.ntnu.no  
TROMSØ: NSD, SVF, Universitet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47-77 64 43 36. nsdmaa@sv.uit.no

## Vedlegg 1 side 2

### Personvernombudet for forskning



#### Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjektnr: 30993

Det gis skriftlig informasjon og innhentes skriftlig samtykke. Personvernombudet finner skrivet godt utformet, men forutsetter at det angis dato for prosjektslutt, her 31.12.2012. Personvernombudet legger til grunn for sin godkjenning at revidert skriv ettersendes før det tas kontakt med utvalget.

Innsamlede opplysninger anonymiseres ved prosjektslutt, senest 31.12.2012. Med anonymisering innebærer at navnelister slettes/makuleres, og ev. kategorisere eller slette indirekte personidentifiserbare opplysninger. Ved publisering vil ingen enkelpersoner kunne gjenkjennes.

**Forespurnad om å delta i intervju i samband med Masteroppgåve i  
Stedsutvikling**

Mitt namn er Terese Jemtegård Moen. Eg studerer erfaringsbasert masterstudium i Stedsutvikling ved Universitetet i Tromsø og skal skrive ei masteroppgåve om kva stedskvalitetar som har betydning for valet om å busetje seg i bygdene i Norddal kommune.

Oppgåva er tufta på Døropnarprosjektet (Tilflyttungsprosjekt for Norddal kommune 2009-2012) og baserar seg på intervju med innflyttarfamiliar som kom til Norddal i perioden august 2009-desember 2010.

**I høve oppgåva ynskjer eg å ringe deg for å avtale eit intervju.** Eg vil ta kontakt i løpet i neste veke. I intervjuet ynskjer eg å stille spørsmål rundt kva erfaringar du og din familie som innflyttarar har gjort i møte med Norddalssamfunnet.

Dine erfaringar kan bidra til at ein får fram informasjon om kva som er viktig for vidare satsing når det gjeld tilflyttarar til Norddal kommune.

Deltaking er frivillig, og du kan trekkje deg så lenge studien pågår utan å oppgje nokon grunn.

Eg garanterer at opplysningane som kjem fram i intervjuet vil bli behandla konfidensielt, og intervjuet vil bli anonymisert i prosjektrapporten slik at opplysningane ikkje kan sporast tilbake til einskildpersonar. Det er kun underteikna som har tilgang til personidentifiserbare data. Når prosjektet vert avslutta vert namnelister over intervjupersonar sletta.

Prosjektet er meldt til Personvernombudet for forsking, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS

Med venleg helsing

Terese Jemtegård Moen  
Omenåsåsen  
6210 Valldal

Mobil: 928 05 659  
E-post: [j.moen@online.no](mailto:j.moen@online.no)

Student ved erfaringsbasert masterstudium i Stedsutvikling ved Universitetet i Tromsø  
Veiledar: Professor i sosiologi, statsvitenskap og samfunnsplanlegging Nils Aarsæther

## Vedlegg 3 side 1

### Intervjuguide masteroppgåve –

**Kva for stedskvalitetar har betydning for valet om å busetje seg i bygdene i Norddal kommune?**

**Målgruppe 1: busett aug 2009-des 2010 og bur framleis per april 2012**

**Målgruppe 2: busett aug 2009-des 2010 og er utflytta per april 2012**

### Introduksjon til informanten – 5 min

Først og fremst vil eg takke for at du var villeg til å delta og bli intervjuet her. Mitt namn er Terese Jemtegård Moen. Eg studerer Stedsutvikling ved Universitetet i Tromsø og skal skrive ei masteroppgåve om kva for stedskvalitetar som har betydning for valet om å busetje seg i bygdene i Norddal kommune. Oppgåva spring er tufta på Døropnarprosjektet og baserar seg på intervju med innflyttarfamiliar som kom til Norddal i perioden frå august 2009-desember 2010.

Eg ynskjer å stille spørsmål rundt kva erfaringar du og din familie som innflyttarar har gjort i møte med Norddalssamfunnet. Som informant vil du vere med å hjelpe Norddal kommune i å bli klar over kva kvalitetar innflyttarar til Norddal opplever som kritiske/marginale. Dine erfaringar kan dermed også bidra inn i evalueringa av Døropnarprosjektet og kva som er viktig for vidare satsing når det gjeld tilflyttarar.

Oppgåva skal skrivast i løpet av 2012, og resultatet/rapporten vil bli oversendt kommunen og kan leggast til grunn for korleis ein skal satse vidare ift. å tiltrekke seg og ta imot innflyttarar.

Intervjuet vil ta ca 1 time og 15 min. Det vert gjort notat underveis som vert lagt til grunn for analysen. Intervjunotata vert teke vare på og lagra utan tilgang for andre. Eg garanterer at opplysningane vil bli behandla konfidensielt, og intervjuet vil bli anonymisert i prosjektrapporten. Du har som informant rett til å avbryte intervjuet når som helst.

Har du nokon spørsmål før intervjuet byrjar?

### Faktaspørsmål – 10 min

#### Informantens og informantfamiliens bakgrunn

- Alder
- Kjønn
- Utdanning
- Kva bygd bur du i? Valldal, Fjørå, Tafjord, Norddal eller Eidsdal?
- Geografisk bakgrunn: Kvar budde familien før de flytta til Norddal kommune? Tilbakeflyttar, innflyttar frå andre delar av Norge, innflyttar frå utlandet?
- Hushaldningsstruktur: Singelhushald, småbarnsfamilie, ungt par utan born, eldre par med vaksne born.

## Vedlegg 3 side 2

### Introduksjonsspørsmål - 15 min

Kva set du mest pris på med bygda du bur i?

Kva synes du er mest problematisk med bygda du bur i?

### Nøkkelspørsmål - 30 min

I det følgjande vil eg nemne ein del døme på stedskvalitetar og ynskjer å vite kva element innanfor desse som skaper trivsel og misstrivsel for deg og din familie? Dersom du veit om det er ulike oppfatningar innan familien ynskjer eg at du opplyser om dette.

- Arbeidsmarknaden/tilgang på arbeid
- Fritidsaktivitetar- og tilbod (bygd, kommune, region)
- Friluftsliv, natur og landskap
- Husvere/boforhold
- Naboskap
- Kommunale tenester – spesielt skule og barnehage
- Kommunikasjon/infrastruktur/beliggenheit bygd/fritidsmobilitet/fleirstadstilknyting
- Kulturtild
- Klima/veret
- Privat handel- og servicetilbod (bygd, region)
- Slektstilknyting

### Avslutning - 10 min

No er det berre eitt spørsmål att.

Blilyst? Bustad og framtidsperspektiv. Honningkrukke, sommarstad, springbrett eller klister?

Avsluttande kommentarar – noko som er uklart?

Spørje om informanten sit att med nokon spørsmål som vi ikkje har vore innom?

Har informanten kommentarar til andre ting intervjuet burde ta opp?

### Debriefing etter intervju - 5 min

Spørje om informanten si oppleveling av intervjuet.

Eg nemner nokon av dei hovudpunktta intervjuet har gitt meg innsikt i.